



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: **Tenesteutval for oppvekst og kultur**
Møtestad: **Grindløda, Bratteberg skule**
Dato: **21.11.2018**
Tid: **14.00**

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 37/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 38/18	Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte
PS 39/18	Utgreiing av ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum - utgreiing og høyringsbrev
PS 40/18	Utgreiing av eit mogleg oppvekstsenter i Austefjord
PS 41/18	Utgreiing av samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular
PS 42/18	Skulekrinsar i nye Volda kommune – høyring
PS 43/18	Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022
PS 44/18	Møteplan for politiske møte 2019
PS 45/18	Skjenkeløyve til Bringebær AS, org nr 921 454 937
PS 46/18	Orienteringssaker
OS 34/18	Referat - Samarbeidsutvalet (SU) - Volda ungdomsskule - 25.10.18
OS 35/18	Referat frå møte i SU Oppigarden barnehage
OS 36/18	Orientering Ungdomsrådet - møteprotokoll 26.09.2018
OS 37/18	Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot

PS 37/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

PS 38/18 Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Håvard Strand

Arkivsak nr.: 2018/1910

Arkivkode: 614

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

39/18

Tenesteutval for oppvekst og kultur

21.11.2018

UTGREIING AV EI EVT STRUKTURELL ENDRING AV BARNEHAGEDRIFTA I SENTRUM - UTGREIING OG HØYRINGSBREV

Administrasjonen si tilråding:

TOK vedtek å leggje sak om ei evt strukturell endring av barnehagedrifta ut på høyring.

Høyringsfristen vert sett til 25. januar 2019

Vedleggsliste:

Høyringsbrev

Utgreiing av ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum

Rapport, XPRO – dagsett 04.05.17

Kalkyle Oppigarden, XPRO – dagsett 03.10.18

Kalkyle Sollia, XPRO – dagsett 03.10.18

Kalkyle Engeset, XPRO – dagsett 03.10.18

Uprenta saksvedlegg:

Barnehagelova

Rammeplan for barnehagen

Kvalitetsplan 2017-2020, sektor for opplæring og oppvekst i Volda kommune

<https://www.fafo.no/images/pub/2015/20553.pdf>

Samandrag av saka:

Kommunestyret vedtok i sitt møte 26.10.17 følgende:

«Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.»

I møte i TOK 17.10.2018 la administrasjonen fram saka, med forslag om å sende utgreiing og høyringsbrev ut på høyring. TOK valde å sende saka attende til administrasjonen med følgjande vedtak:

TOK vedtek å sende sak om ev strukturell endring av barnehagedrifta attende til administrasjonen.

Dette for å utgreie eit 4. alternativ for utgreiinga vert lagt ut på høyring: Ein rehabiliterer Engeset barnehage og bygger ein ny barnehage/rehabiliterer/samløkaliserar for å oppretthalde den kommunale barnehagekapasiteten vi har i Volda i dag.

I tillegg ber ein administrasjonen presisere og klargjere punkt 3.

Formannskapet fekk og i sitt møte 30.10.18 orientering om status og framdrift i saka.

Denne saka er ein konsekvens av at vi har tre kommunale barnehagar i sentrum som har nådd, eller har nær nådd, si levetid. Dette vert stadfesta i rapport dagsett 04.05.17, levert av XPRO. Barnehagebygga i sentrum står framføre vesentlege oppgraderingar for å kunne halde fram med barnehagedrift. Særleg gjeld dette Sollia barnehage, men også for Oppigarden og Engeset er rapporten tydeleg på at ein treng vesentlege oppgraderingar for å stette lov, forskrift og det ein bør forvente av ein bygningsstandard i 2018. Av dei tre barnehagane er det minst kritisk for Engeset barnehage.

Rapporten frå XPRO er med som vedlegg til utgreiinga, saman med enkel kostnadskalkyle.

Følgjande alternativ er vurdert:

- 1) Ein erstattar dei tre sentrumsbarnehagane og byggjer ein ny sentrumsbarnehage for inntil 120 barn.
- 2) Ein rehabiliterer dei tre barnehagane og held fast på eksisterande struktur. I rehabiliteringsperioden vil ein ikkje kunne ha barnehagedrift i bygga, og vil måtte finne andre, mellombelse løysingar.
- 3) Ein rehabiliterer dagens Sollia og Oppigarden barnehagar eller byggjer eit nytt barnehagebygg som erstattar dei to. Uansett kva ein vel, driftar ein Sollia og Oppigarden vidare som ei, felles eining. Engeset barnehage vert lagt ned. Ved ei evt rehabilitering av Sollia og Oppigarden, vert Engeset barnehage nytta som erstatningsbarnehage i rehabiliteringsperioden. Etter endt rehabilitering vert dagens Engeset barnehage (bygg og areal) tilgjengeleg for behov som Helse og omsorg måtte ha.
- 4) Ein rehabiliterer Engeset barnehage, og held fram drifta som før. I tillegg vel ein å byggje ein ny barnehage som erstattar Sollia og Oppigarden barnehage, eller ein vel å rehabilitere kvart av dei to bygga. Uansett kva ein vel for Sollia og Oppigarden, skal ein drifte vidare som ei, felles eining. Ein eventuell ny barnehage skal i så fall byggast på tomt tilliggande dagens to barnehagar.

Det har vore nyttig å sjå kva andre kommunar har gjort, og kva vurderingar som ligg til grunn. Fleire kommunar er i same situasjon som Volda kommune, med barnehagebygg frå 1970-1980-talet og har no trong for nye bygg. Ein har vore i kontakt med andre kommunar som har valt ei strukturell endring mot større einingar, og innhenta oppdaterte kostnadstal frå dei.

Ei samla vurdering gjer at rådmannen foreslår ei strukturell endring mot ein ny sentrumsbarnehage. Rådmannen peikar på at bygga vi har i dag er for dårlege utifrå lov, forskrift og forventa standard. Det pålegg difor kommunen som barnehageeigar å gjere naudsynte grep. Rådmannen viser til tidlegare vedtekne strategiar som seier at kommunen skal optimalisere ressursbruken og finne smarte løysingar.

Saksopplysningar/fakta:

Ein viser til utgreiinga som ligg vedlagt, og som administrasjonen tilrår vert lagt ut på høyring. Denne inneheld grundige vurderingar som stettar kommunestyret sitt vedtak frå 26.10.17, samt at det er teke inn det fjerde alternativet som TOK i sitt møte 17.10.18 ønskte med som høyringsalternativ. Høyringsfristen er foreslått til 25. januar 2019.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen tilrår at saka vert lagt ut på høyring, der brukarutvala (SU og FAU) i dei aktuelle barnehagane vert beden om å uttale seg. Høyringa vert og å sende ut til grendautval i sentrum, samt tilsetteorganisasjonar. Etter at høyringsfristen er ute, vil rådmannen legge fram saka for TOK, formannskap og kommunestyre for endeleg avgjerd.

Endeleg val av løysing vil ein måtte sjå i ein total samanheng av prioriteringar i komande budsjett- og økonomiplanprosess.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit nytt bygg gir betre fysisk arbeidsmiljø for tilsette og barn. Det er og forventa redusert energibruk.

Økonomiske konsekvensar:

Er grundig gjort reie for i utgreiinga.

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst for utlegging av høyringa.

Høyringsbrev

Kommunestyret vedtok i sitt møte 26.10.17 følgende:

«Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.»

Administrasjonen la så sak om dette fram for Tenesteutvalet for oppvekst og kultur (TOK) 17.10.18. TOK valde då å sende saka attende til administrasjonen, der ein ba om at alternativ 3 vart nærmare presisert. TOK ba og om eit fjerde alternativ i høyringsbrevet. TOK si bestilling vart så innarbeidd i saka.

Desse vedtaka er bakgrunnen for at rådmannen no ynskjer saka ut på høyring, der saksutgreiinga ligg ved som grunnlag. I høyringsbrevet vil ein kort skissere kva som ligg bak tilrådingane som høyringsinstansane vert beden om å gi svar på.

Rådmannen har vurdert saka saman med opplæring og oppvekst og teknisk sektor, samt vore i kontakt med Volda vidaregåande skule og Helse Møre og Romsdal. I tillegg har dei kommunale barnehageleiarane vore delaktige i prosessen. Det er og innhenta kunnskap og erfaring frå andre kommunar.

På bakgrunn av saksutgreiing og prosessen som har vore, foreslår rådmannen følgende tilråding:

1. *Volda kommune endrar den kommunale barnehagestrukturen i sentrum, og planlegg ein ny sentrumsbarnehage på inntil 120 plassar. Foresetnaden er at kommunestyret gjer nødvendige prioriteringar i budsjett og økonomiplan, og at dei økonomiske innsparingane i stor grad er med på å betale kapitalkostnadene ved bygging av ny barnehage.*
2. *Ein ny sentrumsbarnehage vil i så fall erstatte Engeset, Oppigarden og Sollia barnehagar.*
3. *Dersom økonomien ikkje tillet bygging av ein, ny sentrumsbarnehage, tilrår rådmannen at ein sekundært går for alternativ 3 skissert på neste side.*
4. *Rådmannen vurderer at begge ovannemnde tiltak,, saman med privat restkapasitet, er tilstrekkeleg for å ivareta det lovpålagde kravet om å tilby barnehageplass.*
5. *Rådmannen foreslår at det er to område som vert vurdert vidare ved bygging av ein, ny barnehage:*
 - a) *Tomta vest/nord for Oppigarden og Sollia barnehagar*
 - b) *Tomta vest for rådhuset, dagens parkeringsplass/delar av rådhusparken*
6. *Volda kommune vil ha ein god prosess, der det vert lagt opp til samhandling mellom det politiske nivået, representantar frå SU/FAU og administrasjonen.*

Samandrag av saka

Denne saka er ein konsekvens av at vi har tre kommunale barnehagar i sentrum som har nådd, eller har nær nådd, si levetid. Dette vert stadfesta i rapport dagsett 04.05.17, levert av XPRO.

Barnehagebygga i sentrum står framføre vesentlege oppgraderingar for å kunne halde fram med barnehagedrift. Særleg gjeld dette Sollia barnehage, men også for Oppigarden og Engeset er rapporten tydeleg på at ein treng vesentlege oppgraderingar for å stette lov, forskrift og det ein bør forvente av bygningsstandard i 2018. Av dei tre barnehagane er det minst kritisk for Engeset barnehage.

Rapporten frå XPRO er med som vedlegg til utgreiinga.

Følgjande alternativ er vurdert:

- 1) Ein erstattar dei tre sentrumsbarnehagane og byggjer ein ny sentrumsbarnehage for inntil 120 barn.
- 2) Ein rehabiliterer dei tre barnehagane og held fast på eksisterande struktur. I rehabiliteringsperioden vil ein ikkje kunne ha barnehagedrift i bygga, og vil måtte finne andre, mellombelse løysingar.
- 3) Ein rehabiliterer dagens Sollia og Oppigarden barnehagar eller byggjer eit nytt barnehagebygg som erstattar dei to. Uansett kva ein vel, driftar ein Sollia og Oppigarden vidare som ei felles eining. Engeset barnehage vert lagt ned. Ved ei evt rehabilitering av Sollia og Oppigarden, vert Engeset barnehage nytta som erstatningsbarnehage i rehabiliteringsperioden. Etter endt rehabilitering vert dagens Engeset barnehage (bygg og areal) tilgjengeleg for behov som Helse og omsorg måtte ha.
- 4) Ein rehabiliterer Engeset barnehage, og held fram drifta der som før. I tillegg vel ein å byggje ein ny barnehage som erstattar Sollia og Oppigarden barnehage, eller ein vel å rehabilitere kvart av dei to bygga. Uansett kva ein vel for Sollia og Oppigarden, skal ein drifte vidare som ei, felles eining. Ein eventuell ny barnehage skal i så fall byggast på tomt tilliggande dagens to barnehagar.

Det har vore nyttig å sjå kva andre kommunar har gjort, og kva vurderingar som ligg til grunn. Fleire kommunar er i same situasjon som Volda kommune, med barnehagebygg frå 1970-1980-talet og har no trong for nye bygg. Ein har vore i kontakt med andre kommunar som har valt ei strukturell endring mot større einingar, og innhenta oppdaterte kostnadstal frå dei.

Ei samla vurdering gjer at rådmannen foreslår ei strukturell endring mot ein ny sentrumsbarnehage. Rådmannen peikar på at bygga vi har i dag er for dårlege utifrå lov, forskrift og forventa standard. Det pålegg difor kommunen som barnehageeigar å gjere naudsynte grep. Rådmannen viser til tidlegare vedtekne strategiar som seier at kommunen skal optimalisere ressursbruken og finne smarte løysingar.

Rådmannen vurderer at ein ny barnehage bør liggje sentrumsnært, og at dette spørsmålet må sjåast i samanheng med andre planar for sentrumsutvikling. I lys av dette vil rådmannen difor peike på at alternativ 5b: *Tomta vest for rådhuset, dagens parkeringsplass/delar av rådhusparken*, er aktuelt. Ein kan då finne synergieffektar, der bygget og uteområdet kan vere

i bruk store delar av døgnet. Med planar for nytt kulturbygg kan ein og finne gode mogelegheiter til sambruk.

Rådmannen vurderer også at nærleik til både sentrumsområde og naturområde vert ivareteke ved ei plassering i sentrum. Vidare vil rådmannen peike på at ein barnehage plassert der er med på å gi sentrumsområdet vitalitet.

Vurderingane knytt til det som kommunestyret bestilte i møtet 26.10.17 er elles gjort greie for i saka, og rådmannen oppmodar høyringsinstansane om å setje seg inn i desse.

Høyringsfrist: 25. januar 2019

Høyringa vert å sende til:
Volda kommune, Stormyra 2 - 6100 Volda
Epost: postmottak@volda.kommune.no

Merk høyringssvar med saksnr 2018/1910

UTGREIING

AV EI STRUKTURELL ENDRING AV BARNEHAGEDRIFTA I SENTRUM

OKTOBER 2018



OKTOBER 2018

Innleiing

Kommunestyret vedtok i sitt møte 26.10.17 følgjande:

«Kommunestyret ser behovet for å greie ut ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum, og ber administrasjonen legge fram ei slik utgreiing med fokus på lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar for barnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset.»

Administrasjonen la fram sak om dette fram for Tenestutvalet for oppvekst og kultur (TOK) 17.10.18. TOK valde då å sende saka attende til administrasjonen, der ein ba om at alternativ 3 vart nærmare presisert. TOK ba og om eit fjerde alternativ i høyringsbrevet. TOK si bestilling vart så innarbeidd i saka.

Desse vedtaka er bakgrunnen for at rådmannen no ynskjer saka ut på høyring, der saksutgreiinga ligg ved som grunnlag. I høyringsbrevet vil ein kort skissere kva som ligg bak tilrådingane som høyringsinstansane vert bede om å gi svar på.

Rådmannen strukturerer saka kring dei fire områda vedtaket nemner; lokalisering, kapasitet, økonomi og pedagogiske konsekvensar. I arbeidet har ein vore i kontakt med teknisk sektor, helse og omsorg samt Kristiansund kommune, Eid kommune, Helse Møre og Romsdal og Volda vidaregåande skule. I tillegg har dei kommunale barnehageleiarane vore delaktige i prosessen.

Rådmannen vil innleiingsvis kort oppsummere dei tre alternativa som høyringsbrevet skisserer som alternativ, og stikkordsmessig peike på konsekvensane ved dei. Saksutgreiinga utdjupar og forklarar meir om desse konsekvensane.

1) Ein erstattar dei tre sentrumsbarnehagane Sollia, Oppigarden og Engeset, og byggjer ein, ny barnehage med inntil 120 plassar.

Kostnadene ved å byggje ein slik barnehage er estimert til ca 100 million kroner. Administrasjonen estimerer ei forventa innsparing på årleg drift på ca 3 million kroner, dette grunna i reduserte personalkostnader, reduserte utgifter til drift/vedlikehald samt reduserte utbetalingar av dei private tilskota. Administrasjonen peikar og i saka på at ei slik eining vil gi grunnlag for betre fagleg og pedagogisk arbeid, der ein kan styrkje det totale fagmiljøet.

Rådmannen tilrår vidare ei bygging sentrumsnært, og peikar på tomta vest for rådhuset/rådhusparken som eit eigna område. Då vil ein og kunne finne gode synergieffektar ved realisering av nytt kulturhus, og lanserer difor at ein slik barnehage kan profilerast som ein kulturbarnehage.

120 plassar dekkjer ikkje fullt ut dagens tre sentrumsbarnehagar. Ein føreset difor at privat restkapasitet i marknaden vert utnytta

2) Ein rehabiliterer dei tre barnehagane og held fast på eksisterande struktur. I rehabiliteringsperioden vil ein ikkje kunne ha barnehagedrift i bygga, og vil måtte finne andre mellombelse løysingar.

Administrasjonen har via XPRO fått eit grovt overslag på kva det vil koste å setje bygningane i stand, utan å gjere bygningsmessige tilføyingar.

Totalkostnaden for dette er estimert til å vere om lag 47 millionar kroner.

XPRO understrekar at dette er ei grovkalkyle, og bereknar ikkje kva det vil koste å utvide kapasiteten med f.eks arbeidsplassar til tilsette eller større garderobefasilitetar. Det er konkludert med at bygga slik dei framstår i dag ikkje stettar krav eller forventningar om dette, og administrasjonen finn det nødvendig å påpeike at dette også må på plass om ein vil halde fast på dagens struktur også i framtida. Som sagt ligg det ikkje estimat for ei utviding/tilpassing av arealet inne i XPRO sine kalkyler, men rådmannen antek at dette i alle fall vil bety ein meirkostnad på om lag 10 millionar for kvart av barnehagebygga, slik at ein då nærmar seg ein totalkostnad på 80 millionar.

Ei slik løysing fordrar at kommunen finn erstatningsplassar medan rehabiliteringa går føre seg.

Denne løysinga vil gi forventa, positiv effekt på sjukefråver og vil kunne gi høgare trivsel. Ein vil og ha ei forventa effekt på noko reduserte driftskostnader knytta til energi og vedlikehald. Ein vil likevel drifte som før, noko som ikkje gir økonomiske innsparingar knytta til dei andre sidene av drifta. Utbetalingar av private tilskot vert heller ikkje endra ved å halde fram med gjeldande struktur.

- 3) Ein rehabiliterer dagens Sollia og Oppigarden barnehagar eller byggjer eit nytt barnehagebygg som erstattar dei to. Uansett kva ein vel, driftar ein Sollia og Oppigarden vidare som ei, felles eining. Engeset barnehage vert lagt ned. Ved ei evt rehabilitering av Sollia og Oppigarden, vert Engeset barnehage nytta som erstatningsbarnehage i rehabiliteringsperioden. Etter endt rehabilitering vert dagens Engeset barnehage (bygg og areal) tilgjengeleg for behov som Helse og omsorg måtte ha.**

Rehabiliteringsalternativet

Med utgangspunkt i kalkylene frå XPRO, vil kostnaden verte om lag 30 millionar + forventa meirkostnad på 10 millionar på kvar av barnehagane ein vel å rehabilitere – altså ein totalkostnad på om lag 50 millionar. Ei slik løysing fordrar det same som alternativ 1, nemleg at ein må utnytte den private restkapasiteten i marknaden. Ved å velje ei slik løysing legg ein i realiteten ned ein barnehage (Engeset) og overfører desse til privat restkapasitet som er til stades. I ei rehabiliteringsperiode vil det då vere mogleg å nytte den nedlagde barnehagen som erstatningsbarnehage medan ein rehabiliterer dei to andre barnehagane etter tur. Dei to attståande barnehagane vil difor (etter tur) måtte flytte inn i nye, midlertidige lokale.

Denne løysinga vil utifrå kostnadskalkyle frå XPRO gi kommunen lågare investeringsutgifter enn ved å rehabilitere alle tre. Driftsmessig vil ein kome ut som skrive over i alternativ 2, med mindre ein gjer ei strukturell endring ved å definere Sollia og Oppigarden som ei, felles eining. I så fall vil ein få effekt ved reduserte administrasjonskostnader lik det vi beskriv under alternativ 1. Ved å sjå barnehagane som ei eining, vil ein og eit stykke på veg kunne få effektar knytta til meir fleksibel personalbruk, og rehabiliterte bygg gir lågare kostnader knytt til energi. Det vil

framleis vere to bygg, slik at administrasjonen ikkje ser føre seg særleg store innsparingar når det gjeld utgifter til reinhald.

Nybyggalternativet

Kostnadmessig vil ein kome ut med same tala som i alternativ 1. Det som vil skilje seg ut frå alternativ 1, er at ein vel lokalisering nært dagens Sollia og Oppigarden barnehagar og ikkje meir sentrumsnært (rådhusparken/parkeringsplassen). Dette alternativet vil med god planlegging kunne sikre normal drift i byggeperioden.

Alternativ 3 føreset også at meir av den private restkapasiteten vert utnytta.

- 4. Ein rehabiliterer Engeset barnehage, og held fram drifta som før. I tillegg vel ein å bygge ein ny barnehage som erstattar Sollia og Oppigarden barnehage, eller ein vel å rehabilitere kvart av dei to bygga. Uansett kva ein vel for Sollia og Oppigarden, skal ein drifte vidare som ei, felles eining. Ein eventuell ny barnehage skal i så fall byggast på tomt tilliggande dagens to barnehagar.**

Dette alternativet sikrar at kommunen har det same tal barnehageplassar som no, ved bygging av eit nytt bygg kan ein og sjå føre seg at ein kan leggje inn ei lita kapasitetsauke (jf tidlegare forslag om å bygge inntil 120 plassar).

Dette alternativet er det alternativet som vil gi kommunen høgaste investeringskostnader, med følgande berekningar:

Engeset barnehage, rehabilitering: ca 25 mill

Ny barnehage som erstattar Sollia og Oppigarden: ca 100 mill

Rehabilitering av Sollia og Oppigarden: ca 50 mill

Oppsummert: Eit nybygg i området knytt til Sollia og Oppigarden, samt rehabilitering av Engeset vil altså bety om lag 125 mill i investeringskostnader. Å rehabilitere Sollia, Oppigarden og Engeset vil utifrå XPRO sine anslag (+ administrasjonen sine påslag) bety ein kostnad på ca kr 75 mill.

Administrasjonen baserer altså rehabiliteringskostnader på estimat frå XPRO, der dei gjer ei grov kalkyle på å setje i stand bygga slik dei er. Administrasjonen har så lagt inn 10 mill for kvar barnehage, då barnehagane slik dei er ikkje har gode nok tilhøve m.o.t arbeidsplassar eller garderobetilhøve for barn/vaksne. I tillegg må ein sikre at barnehagane er universelt utforma etter gjeldande krav – dette ligg heller ikkje inne i XPRO sitt overslag.

Administrasjonen vurderer difor estimata knytt til rehabilitering som usikre, medan det å bygge eit nytt bygg er basert på erfaringstal frå andre kommunar (Kristiansund) – slik sett vurderer administrasjonen dette som eit tryggare estimat. Ein anbudsprosess vil få på bordet dei reelle kostnadene.

Dette alternativet vil delvis endre strukturen vår, og slik sett gi ei delvis meir effektiv drift. Utfordringa ved å rehabilitere alle tre bygga vil vere å etablere erstatningslokale under rehabiliteringa. Her kan ein etablere brakkeløysingar, eller ein kan og i ein periode utnytte privat restkapasitet. Med tanke på kva foreldre/føresette vil velje etter endt rehabilitering, vil det vere ei reell moglegheit at dei vil velje framhald i den

private marknaden og at vi (for ei lita eller lengre periode) vil oppleve å ha overkapasitet i dei kommunale sentrumsbarnehagane.

Dette alternativet vil gi følgende, estimerte innsparingar:

Adm.ressurs	Ca 200 000
Effektiviseringsgevinst, personal	Ca 200 000 *
Reduserte driftskostnader	Ca 100 -200 000 **
Reduserte kostnader, private tilskot	Ca 500 000 ***
Samla økonomiske innsparingar	Ca 1,1 mill

*Effektiviseringsgevinst på personal er berekna utifrå forventa redusert sjukefråver, samt potensial på meir fleksibel personalutnytting med eit større kollegium.

**Administrasjonen vurderer dette talet noko ulikt om ein tenkjer seg eitt eller to bygg. Størst effekt vil ein få ved eitt bygg.

***Her har ein lagt inn forventa innsparing på eigne kostnader på kr 600 000. Dette talet har administrasjonen kome fram til ved å leggje inn endra føresetnader utifrå dagens situasjon.

Dersom ein vel å byggje eit nytt bygg, samt rehabilitere Engeset, vil det altså gi ein investeringskostnad på om lag 125 mill, noko som gir årlege kapitalkostnader på i overkant av 6 mill kroner. Ved rehabilitering av både Engeset, Sollia og Oppigarden barnehagar snakkar vi om ein investeringskostnad på om lag 80 mill, noko som gir kapitalkostnader på om lag 4 mill årleg.

Lokalisering

Administrasjonen har hatt drøftingar med sektor for utvikling for å sjå på moglege areal. Det har og vore samtalar med Helse Møre og Romsdal for å drøfte arealet som grensar til Oppigarden og Sollia barnehagar.

I arbeidet med forslag til lokalisering har administrasjonen lagt vekt på følgende:

- Storleik
- Nærleik til sentrum og infrastruktur
- Topografisk struktur
- Ver og vindtilhøve (ma soltilhøve)
- Status i gjeldande kommunedelplan
- Eigartilhøve
- Tidsperspektiv på å kunne gjere nytte av arealet

I tillegg har følgjande mål og tiltak i kommuneplanen sin samfunnsdel påverka vurderingane:

- *Sikre fortsatt full barnehagedekning og godt pedagogisk innhald i alle barnehagar og skular*
- *Prioritere god kvalitet på barnehage- og skulebygg med tilhøyrande uteområde*

- *Legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum*
- *Volda sentrum skal vere eit levande midtpunkt i kommunen med attraktive møteplassar*
- *Fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum*

Administrasjonen har synfart og vurdert ei rekke alternativ:

- 1) Området vest for Volda turisthotell (Innovatatomta)
- 2) Delar av området vest/nord for dagens Oppigarden/Sollia
- 3) Steinrøysa/dagens Voldahall/handelsskulebygget
- 4) Marka nord for Kiwi Heltne
- 5) Vest for rådhuset, dagens parkeringsplass ved rådhuset/delar av rådhusparken
- 6) Marka sør for Midttunfeltet (ned mot gangveg mellom Årneset og Volda stadion)
- 7) Marka mellom Vikebygdvegen og Årneset
- 8) Aust/nord for omsorgssenteret

Administrasjonen sine vurderingar:

1) Området vest for Volda turisthotell (Innovatatomta)



Det skraverte området er om lag 8000 m², og ligg vest for Volda turisthotell.

Tomta er godt eigna for ein barnehage utifrå soltilhøve, sentrumsnærleik og topografi. Infrastruktur og tilkomst er god. Det som er utfordrande med denne tomte, er at kommunen ikkje er eigar. Basert på tidlegare skjøn i nærområdet, er kostnadsnivået forventa høgt. Det føreligg opsjon på tomte, og det er forventa å vere knytt mange interesser i akkurat denne. Ein vurderer difor at kostnaden knytt til erverv er for høg, og forventar ein lang prosess for å evt få hand om tomte.

Rådmannen sin konklusjon er at denne tomte ikkje er aktuell.

2) Delar av området vest/nord for dagens Oppigarden/Sollia



Mogleg plassering, kartutsnittet syner ei tomt på ca 8500 m², og omfattar dagens Sollia og Oppigarden barnehagar i tillegg til noko areal vest for Sollia/nord for Oppigarden.

Dette området vert vurdert å vere godt eigna til barnehagedrift. Det er gode soltilhøve, god topografi og har eit godt eigna uteområde. Kommunen har gjort investering på parkeringsplass og tilkomst som kan nyttast i samband med ytterlegare utbetringar. Tomta er kommunal, og ein kan i ei utbygging gjere seg nytte av eksisterande uteområde. Administrasjonen har vore i dialog med Helse Møre og Romsdal, då ein er kjent med at helseføretaket har teikna opp ulike framtidsscenario. I dialogen har ein ikkje møtt på moment som tilseier at våre moglege planar er i konflikt med helseføretaket sine, og i siste korrespondanse opplyser klinikksef for drift og eigedom følgjande:

«Så lenge kommunens planer ikke griper inn på bruken av foretakets arealer, har vi ingen innvendinger. Forventer ellers at foretaket som nærmeste nabo vil bli informert og involvert i formelle planprosesser og eventuell utbygging i samsvar med bestemmelsene i Plan- og bygningsloven».

Dette området er aktuelt å ta med vidare i prosessen, men samtidig ligg området i grenseland for kva ein kan definere som sentrumsnært. Dersom ein vel denne plasseringa, vil mykje av barnehagetilbodet framleis ligge i den austlege delen av Volda. Dersom ein ikkje vel dette området, er vurderingane at kommunen kan nytte grunnen til andre prosjekt, eller ein kan få ein god pris for avhending av området. Det er og mogleg å tenkje seg at delar av dagens totale barnehageareal kan frigjerast til helseføretaket sine behov.

Rådmannen sin konklusjon er at denne tomte kan vere aktuell.

3) Steinrøysa/ dagens Voldahall/ handelsskulebygget



Kartutsnitt over dagens Voldahall, samt det gamle handelsskulebygget. Det skraverte området er om lag 7900 m²

I samband med ei mogleg realisering av Volda Campus Arena er det fleire moment som er relevante. Administrasjonen har hatt dialog med leiinga på Volda vidaregåande skule, og det vert formidla at dei er interessert i å avhende nedrebygget (gamle handelsskulen). Dette området, samt det arealet Voldahallen står på i dag, vil samla sett vere eit romsleg areal som vil rome ein ny barnehage. Sjølve bygget vil måtte rivast, eller ein må pårekne betydelege kostnader for å få gjort dette til eit tenleg barnehagebygg. Denne tomten vil og ha lett adkomst, og på mange parameter er dette eit areal som administrasjonen vurderer som eit tenleg alternativ.

Rådmannen sin konklusjon er at tidsperspektivet er for usikkert til å gå vidare med, då ein er av den oppfatning at det er kritisk viktig med framdrift i saka.

4) Marka nord for Kiwi Heltne



Kartutsnitt over omtalt område, arealet på skravert felt er om lag 8400 m²

Marka nord for Kiwi Heltne har vore vurdert som eit godt eigna areal, men planane for Voldatunnel gjer at dette arealet ikkje vil vere tilgjengeleg før denne vil vere ferdig. Rådmannen sin konklusjon er difor at dette arealet er uaktuelt.

5) Vest for rådhuset, dagens parkeringsplass ved rådhuset/delar av rådhusparken



Det skraverte området syner eit areal på i overkant av 4000 m², noko som etter arealføreskrifter er tilstrekkeleg for ein barnehage på inntil 120 barn.

Dagens parkeringsplass vest for rådhuset og delar av rådhusparken stettar krava til storleik, nærleik til sentrum og infrastruktur. Vidare er det gode soltilhøve, og grunnen er kommunal. Tomta er flat, og ved bruk av denne vil ein måtte lage til variasjon i terrenget. Rådmannen vurderer denne tomten som interessant, særleg med tanke på planar for nytt kulturhus. Ein ser føre seg gode synergieffektar, der bygg og uteområde kan vere i bruk store delar av døgnet. Dagens parkeringsareal må i så fall erstattast, og her ser rådmannen føre seg at dette kan skje mellom rådhuset og dagens legesenter.

Dette vil medføre at sentrale samarbeidspartnarar som helsestasjon og barnevern er i nærleiken og det vil lette samarbeidet for alle partar. I tillegg vil eit kulturhus med bibliotek og ulike fasilitetar vere tilgjengeleg til barnehageborna på dagtid og kunne gi barnehagen mange moglegheiter. Dersom dette alternativet vert valt, ser vi føre oss å profilere barnehagen som ein kulturbarnehage.

Omgrepet kultur kan vere så mykje. Det kan vere barnas eigen kultur og lek. Det kan og vere vår kulturarv og tradisjon som vi ønskjer å bringe vidare. Ved ei lokalisering her ser vi føre oss at språk, kunst, kultur og kreativitet vil få ekstra merksemd utan at det vil gå på bekostning av dei andre fagområda i Rammeplan. Ein umiddelbar nærleik til kulturhus og bibliotek vil gi større rom for å ta del i ulike kulturuttrykk og forsterke det språklege medvitet. Rammeplanen (RP) nemner følgjande:

"Barnehagen skal formidle verdier og kultur; gi rom for barnas egen kulturskapning og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap".

Rådmannen sin konklusjon at dette arealet vert vurdert vidare i saka, da dette alternativet er svært aktuelt.

6) Marka sør for Midttunfeltet (ned mot gangveg mellom Årneset og Volda stadion)



Skravert område, ca 5800 m² - sør for Midttun.

Dette er eit areal som har god storleik, det er avsett til offentlege føremål og dei trafikale løysingane er relativt enkle å løyse. Området har og nærleik til friluftsområde (Årneset) og Volda stadion. Det som rådmannen vurderer som krevjande med denne tomte, er at det er eit område som kan opplevast rått og kaldt.

Rådmannen sin konklusjon er at dette arealet er lite aktuelt.

7) Marka mellom Vikebygdvegen og Årneset



Det skraverte området syner eit areal på godt over 13 000 m², noko som er godt over kva som er nødvendig etter føreskriftene.

I dagens kommunedelplan er dette definert som LNF-område. Marka er romsleg, og grensar ned mot friluftsområde på Årneset. Det vert vurdert som ei tomt med god topografi. Arealet er i privat eige, der administrasjonen vurderer at eit erverv har lågare kostnad enn nær sentrumsområde.

Rådmannen sin konklusjon er at tomte ligg utanfor det vi definerer som sentrumsområde, og ser difor på dette området som lite aktuelt å vurdere vidare.

8) Aust/nord for omsorgssenteret



Kartutsnittet syner tomt i Haslevegen, samt delar av grøntområde/parkområde som vert nytta av Omsorgssenteret. Det skraverte feltet er om lag 6400 m²

Volda kommune kjøpte nettopp ei tomt i Haslevegen, med tanke på framtidige behov innan helse –og omsorgssektoren. Saman med anna, tilliggande areal, utgjer dette tilstrekkeleg areal som samla sett kan fungere som tomt til barnehage. Tomta har god topografi og soltilhøve, og ligg sentrumsnært. Dersom ein vel denne tomten kan dagens Engeset barnehage verte frigjort til framtidige behov for helse –og omsorgssektoren.

Rådmannen sin konklusjon er at dette området er lite aktuelt. Mest på grunn av storleik av tomten og vanskar for å sjå korleis ein skal kunne løyse parkeringsutfordringar og god tilkomst i samarbeid med omsorgssenteret. Helse - og omsorgssjefen har og i si vurdering sagt at det kan vere utfordrande å kombinere ei vidare utviding av deira sektor sine behov, saman med ei relativt stor barnehageutbygging i same området.

Oppsummering

Rådmannen peikar på at det hastar med framdrift, då alle dei tre kommunale sentrumsbarnehagane er vurdert å ha nådd si levetid, eller har nær nådd den.

Slik rådmannen ser det, er det særleg to aktuelle område å vurdere vidare:

- a) Tomten vest/nord for Oppigarden og Sollia barnehagar
- b) Tomten vest for rådhuset, dagens parkeringsplass/delar av rådhusparken

På same tid som ein treng framdrift, er det viktig å sørgje for gode prosessar der ein får medverknad frå alle partar som er berørt av denne foreslegne strukturendringa.

Argument for ei plassering i sentrum

Rådmannen sitt forslag om å byggje ny barnehage på tomten vest for rådhuset har fleire sider ved seg. For det første ser ein mogelege synergieffektar ved at kulturhusplanane går framover. I det prosjektet er det lagt vekt på sambruk, at bygget vert nytta store delar av dagen og at det vert skapt møteplassar i sentrum. I dette biletet er det rådmannen si vurdering at eit barnehagebygg nær kulturhuset kjem dei omsyna i møte.

Ein vil og peike på at ei slik plassering vil vere best eigna i høve kvar i Volda sentrum det bur flest born, men og når vi veit kvar dei andre barnehagane ligg. Å byggje ny barnehage i meir austleg del av Volda sentrum vil bety at ein stor del av barnehageplassane vil verte lokalisert der.

Sentrum i Volda har fått stor merksemd i kommuneplanen sin samfunnsdel. Det er ønske om at fleire skal bu og opphalde seg i sentrum, og ein vil legge til rette for auka busetting, aktivitet, trivsel og liv i sentrum.

Barnehagedrift nært, og i sambruk med nytt kulturhus, vil kunne vere eit tiltak som kjem i møte mål og føreslegne tiltak i kommuneplanen.

Kapasitet

Det er godkjent leike- og oppholdsareal som er styrande for tal på born i barnehagen. Dagens tre sentrumsbarnehagar har til saman 12 avdelingar. Dette utgjør ein kapasitet på 162 born ved full utnytting. Ei tradisjonell avdeling for born 0-3 år utgjør ni born, medan ei avdeling for 3-6 år utgjør 18 born. Dei siste åra har ein vore meir fleksibel med bakgrunn i at det er fleire små barn som søker seg til kommunale barnehagar.

Til tross for lågare søknadstal i kommunen generelt, er talet på søknadar til dei kommunale barnehagane stabilt gode. Dette viser at dei kommunale barnehagane har godt omdøme. Når vi skal planleggje for ei evt strukturell endring av barnehagedrifta, må ein ta stilling til om desse tre skal erstattast fullt ut eller ikkje. Forventa barnetalsutvikling må og leggjast til grunn for planlegging av framtidig kapasitet.

Pr i dag er det om lag 90 ledige plassar i private barnehagar. Det vil seie at det er noko overkapasitet på barnehageplassar i sentrum. Vi kan difor seie at vi alt er rigga for noko vekst, og rådmannen tilrår at denne ledige kapasiteten vert utnytta i framtida i større grad enn i dag.

Det er kommunen sitt ansvar å oppfylle retten til barnehageplass. Private barnehagar er fri til å vedta eigne vedtekter, der ein t.d kan definere ein opptakskrins til å gjelde mellom anna barn i nabokommuner, medlemar i ei foreining, søsken, barn til tilsette eller studentar, og prioritere opptak av desse uavhengig av kvar familien bur og kva behov kommunen har. I ein situasjon med press på/mangel på barnehageplassar kan ein difor kome i ein situasjon der dei private barnehagane tek inn barn som ikkje har lovfesta rett til det (t.d frå andre kommunar), på bekostning av eit barn som etter lova har rett på plass. I dagens marknad med føresetnadene som er der i dag er dette ikkje ei aktuell problemstilling.

Administrasjonen har vurdert den samla private restkapasiteten, og vil tilrå at ein legg til grunn ein ny barnehage med kapasitet inntil 120 barn. Med ny barnehage, saman med restkapasitet i dei private barnehagane, vurderer administrasjonen at kommunen er godt rusta til å tilby barnehageplass til dei som treng det.

Forventa barnetalsutvikling

Volda kommune opplever jamn vekst i folketalet. Dersom ein ser tidsromet frå 2008 til 2017 har Volda kommune hatt ein folketalsvekst. Om vi derimot ser på barnetala for barn i barnehagealder, ser vi ein nedgang for alderen 1-5 år, medan tala for 0-åringane er omtrent på same nivå. Dei spesifikke tala for sentrum (Stor-Øyra krins) finn ein seinare i saka.

Framskrivningane peikar på at vi kan forvente ein auke i barnetala fram mot 2040. Når SSB gjer sine framskrivingar, legg dei ulike modellar for berekningar til grunn. I denne utgreiinga vel vi å bruke **SSB sitt hovudalternativ** – der ein tek inn både forventa fødselstal og innvandring. SSB oppdaterer jamleg sine prognosar. Då Volda kommune sin kommuneplan – samfunnsdelen – vart vedteke i 2016, vart det lagt til grunn tal som viste om lag 200 fleire born i barnehagealder i 2028. Dei siste prognosane frå SSB fram mot 2040 syner også ein markert auke i barnetala, men noko lågare enn det prognosane frå 2016 synte.

Administrasjonen peikar på at prognosar vil svinge, og at ein må og sjå på erfaringstal og historisk utvikling.

Tabellen nedanfor viser faktiske barnetal i heile kommunen pr 2018, samt prognosane frå SSB utifrå det nemnde hovudalternativet.

	2018	2040 (SSB, hovudalternativ)
0 år	93	113
1 år	102	117
2 år	90	121
3 år	88	125
4 år	101	128
5 år	80	131
Samla 0-5 år	554	735

I tabellane vi opererer med her, tek vi også med 0-åringane, då fleire av desse startar i barnehage før dei fyller 1 år. Den lovfesta retten til barnehageplass er heimla i barnehagelova §12, der det står følgande:

Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Av barn i alderen 0-5 år så bur ca 73% av desse i sentrum. Saman med Mork/Lid utgjer dei ca 87% av barna i kommunen. Vi har sett ei utvikling der barnetala på bygdene generelt har gått ned, men at dei har stabilisert seg dei siste åra. Om vi likevel antek at ein sentraliserande trend held fram mot 2040, vil det vere sannsynleg at den forventa barnetalsveksten vil vise seg att i sentrum og på Mork.

Barnetalet for barn i barnehagealder (1-5 år) i sentrum er 342 barn. I 2040 vil det vere i om lag 500 barn i det same området, gitt at prognosane frå SSB slår til og at barnetalet på dei andre bygdene (inkludert Mork/Lid) held seg stabilt som i dag. Av fødte som er folkeregistrerte i åra 2013-2017 har vi følgande tal, når vi sorterer etter skulekringsgrensene – desse utgjer tala vi opererer med når vi snakkar om barn 1-5 år.

	2013	2014	2015	2016	2017	Totalt
Mork	15	13	10	21	11	70
Sentrum	73	66	65	70	68	342
Folkestad	5	4	7	2	5	23
Dalsfjord	4	4	4	10	5	27
Austefjord	4	1	4	0	4	13
Heile Volda	101	88	90	102	93	474

Rådmannen vurderer prognosen frå SSB som gledeleg, då fleire barn i kommunen betyr at vi er ein attraktiv kommune å busetje seg i, men tillet seg likevel å stille spørsmål ved om prognosen er noko optimistisk.

Sentrum – Store Øyra krins

I det som vi definerer som sentrum var det i 2008 registrert 5741 personar. I 2017 var det 6631 folkeregistrerte menneske der. Dette gir ein auke på 15,5%

I same tidsromet ser vi derimot at barnetalet har gått noko ned, frå 379 i 2008 til 341 pr oppdaterte tal i 2017, noko som er ein nedgang på om lag 10%.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sentrum	379	401	401	410	406	398	392	367	351	341
Tal barn i kommunale bhg pr 15.12	100	128	114	166	165	166	158	163	147	154
Sollia	49	70	56	55	54	54	52	56	55	52
Engeset	51	58	58	57	55	56	52	52	42	52
Oppigarden				54	56	56	54	55	50	50

For å stette arealkrava som sentrale styresmakter har i sine retningslinjer, er det trong for eit bygg som har om lag 600 m² til leike –og opphaldsrom. I tillegg kjem behov for garderobar, personalrom/kontor, kjøken, lagerareal og toalettfasilitetar. Totalt anslår administrasjonen at bygget må ha ein storleik på inntil 1200 m². Uteområdet til ein barnehage med inntil 120 born må etter forskrifta vere om lag 3400 m², då er ikkje parkeringsområde og tilkomstvegar rekna med. I dette dømet legg ein då til grunn at det er 60 barn i alderen over 3 år, og 60 barn i alderen under 3 år.

Økonomi

Frå 1. januar 2011 overtok kommunen ansvaret for å finansiere barnehagane. Dette er forankra i Forskrift om likeverdig handsaming ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er eit av måla at Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene, noko rådmannen legg opp til i sine budsjettframlegg.

Rådmannen legg vidare vekt på regjeringa si perspektivmelding av 2017 (Meld.St.29) om framtidige utfordringar. Perspektivmeldinga teikner eit bilete av at vi må forvente å drive meir rasjonelt og effektivt i framtida, m.a fordi vi som befolkning vert stadig eldre og behova innan helse–og omsorgssektoren vil auke. Dette utfordrar oss som kommunal tenesteytar. Den største utløysande faktoren for å auke produktiviteten, er å organisere tenestene gjennom strukturendringar der dette kan gjerast.

I samband med årsbudsjetthandsaminga for 2016, vedtok kommunestyret nokre prinsipp som skal vere førande for kommunen:

Fokus på kjerneoppgåvene

- Standard som er god nok
- Optimalisere ressursbruken
- Smarte løysingar
- Budsjettoverskridingar som er konstaterte eller prognostiserte skal etter framlegg frå rådmannen dekkast inn ved tilsvarende kostnadsreduksjonar i same eining eller i anna eining slik at budsjettet ikkje vert svekka.

Det er særleg strekpunkta som gjeld optimalisert ressursbruk og smarte løysingar administrasjonen vurderer som aktuelle i denne saka.

Ei strukturell endring vil gi økonomiske verknader på fleire område. Rådmannen vil peike på nokre forventa effektar:

Personalressurs

Nasjonale retningslinjer og normer gir rammer for kor mykje personell barnehagen skal ha. Ei større eining kan nytte personalressursane meir fleksibelt, og ein kan organisere seg meir effektivt enn i dag.

Ein får ein meir fleksibel bruk av personalet til dømes ved sjukefråvær, og ikkje minst når det gjeld dei spesialpedagogiske støttetiltaka som er etablert i barnehagane. I dag nyttar nokre av desse arbeidstid til reising mellom barnehagane, tid som i ei slik framtidig organisering heller kan nyttast til pedagogisk arbeid med barna.

Ein forventar også redusert sjukefråvær ved å drifte i nytt bygg. Dette gjeld m.a betre inneklima, men og at barnehagen vert gjennomgåande utforma etter universell utforming, noko som legg til rette for mindre belastning og slitasje for dei tilsette. Redusert sjukefråvær, og dermed redusert behov for vikarinnleige, er og positivt med tanke på det rekneskapsmessige grunnlaget for å betale ut tilskot til private barnehagar.

Administrasjonen vil samla sett estimere effektiviseringsgevinsten knytta til dei pedagogiske tilsette/andre tilsette til om lag 1 mill kvart år.

Dagens organisering fordrar tre styrarar i heil stilling. Ein ny barnehage vil ha behov for mindre administrasjonsressurs enn ein samla sett har i dag. Administrasjonen estimerer innsparinga til om lag 1 million kroner utifrå dagens lønsnivå.

Andre driftsreduksjonar

Administrasjonen forventar at drift av eit nytt, moderne bygg vil gi reduserte driftskostnader. Dette gjeld både energikostnader og kostnader til reinhald og vedlikehald. Det er ei forventa energisparing på over 30 % - sjølv om ein byggjer eit bygg som totalt sett er større enn bygga ein har i dag. Med dagens energiprisar vil det då gi ei årleg innsparing på om lag kr. 210 000. Dei reduserte driftskostnadene knytt til reinhald er stipulert til å verte om lag kr. 120 000 kvart år.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit mål at energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 30 %. Eit nybygg som erstattar to eller tre tilårskomne bygg vil legge godt til rette for å nå dette målet.

Tilskot til private barnehagar

Utbetaling av tilskot til private barnehagar byggjer på på den kommunale drifta av eigne barnehagar. Det er delar av rekneskap to år tilbake i tid som dannar grunnlaget for tilskot til private barnehagar.

Tilskotsordninga er knytt opp til kor mykje kommunen brukar på si totale barnehagedrift. Volda kommune har ein utfordrande og desentralisert barnehagestruktur som er kostnadskrevjande. Det er gjennom ei strukturendring rådmannen ser føre seg at det er mogleg å hente effekt over tid. Dersom ein etablerer ein tenestestruktur som gir meir effektiv økonomisk drift, vil dette bety lågare kostnadsgrunnlag knytt til utbetaling av barnehagetilskot til private.

Tilskotsordninga inkluderer også kapitaltilskot, slik at kapitalkostnader til lån, avdrag og renter vert dekt av kommunen over ei periode på fleire år i samsvar med statlege satsar.

Rådmannen anslår effekten til å vere om lag 0,9 mill årleg, men understrekar at dette talet er usikkert og gitt at dei andre kostnadsoverslaga slår til.

Inntekt på sal av areal

Viss ein ny barnehage som erstattar dei tre kommunale sentrumsbarnehagane vert lokalisert vest for rådhuset, vil det vere mogleg for kommunen å avhende desse areala – evt nytte dei til andre føremål. Rådmannen vurderer at arealet som i dag er Oppigarden og Sollia barnehagar vil vere interessant for til dømes bustadbygging. Ein er ikkje i stand på noverande tidspunkt å estimere på kva eit slikt evt sal kan gi av inntekt til kommunen, men vurderer at inntekt frå dette kan vere med i delfinansieringa av ein ny barnehage.

Tomta Engeset barnehage ligg på kan stette kapasitetsbehov ved omsorgssenteret.

Kostnadskalkyle på å halde fram med eksisterande struktur, og setje noverande barnehagebygg i stand

Administrasjonen har fått kostnadsoverslag på kva det vil koste å rehabilitere Sollia, Oppigarden og Engeset barnehagar (ligg vedlagt saka). Det vert understreka i kostnadsoverslaga at dette er grove anslag basert på gjelda bruttoareal, og ein ikkje har lagt inn utviding av areal. Samla kostnadsoverslag for rehabilitering av dei tre barnehagane er sett til 47,6 mill. Som sagt er det då ikkje berekna utviding av areal, noko administrasjonen vurderer som nødvendig for å stette krav i lov og føreskrift. Dette gjeld m.a arbeidsplassar til dei tilsette, samt evt utviding/innvendige ombygningar. Det er difor grunn til å tru at kostnadsoverslaget på 47,6 mill ikkje vil vere tilstrekkeleg. Det er rådmannen si vurdering at ei utviding og evt bygningsmessig endringar vil bety ein monaleg ekstra kostnad utover nemnde kostnadsoverslag.

Oppsummert vil då estimerte driftsmessige kostnadsreduksjonar ved bygging av ein, ny barnehage vere:

Effektiviseringsgevinst, personal	1 mill
Reduksjon, styrarressurs	1 mill
Reduksjon, drift og straumkostnader	330 000
Reduserte kostnader, private tilskot	900 000 *
Totalt	3 230 000

**Talet er gitt at dei andre summane i tabellen slår til. Administrasjonen har kome fram til talet ved å leggje inn endra føresetnader i høve dagens situasjon. I dette ligg det at vi m.a då vil få 40 færre kommunale barnehageplassar (og at desse vert teke hand om av dei private barnehagane), og at driftskostnadene til ein barnehage vert teke vekk.*

Rådmannen estimerer at ein ny barnehage med plass til inntil 120 barn vil koste om lag 100 millionar, noko som med dagens rentenivå vil gi kapitalkostnader på ca 5 millionar årleg.

Pedagogiske konsekvensar

Når administrasjonen skriv om pedagogiske konsekvensar, knytter vi dette også til ei vurdering av fagleg kvalitet.

- 2) Kva vil eit oppvekstsenter bety for organiseringa av det samla personalet ved eininga?
- 3) Kva følgjer vil eit oppvekstsenter gi for det faglege tilbodet i eininga?

Det er administrasjonen sitt utgangspunkt at det faglege tilbodet i eit oppvekstsenter skal vere like godt eller betre enn om barnehage og skule/SFO driv kvar for seg. Vidare legg

administrasjonen til grunn at sjølv om vi definerer barnehage, skule og SFO som eit oppvekstsenter, snakkar vi uansett om ulike verksemdar med ulike lovverk, planverk og føreskrifter som ein er bunde av.

Leiarressurs

Dagens totale leiarressurs er altså 85%. Leiarressursen ved skulen vil verte vurdert før neste skuleår, då elevtalet har gått ned. Dette heng nært saman med at ungdomssteget vart lagt ned frå 01.08.18, og at dei elevane som er busett i Ørsta kommune (Bjørke) frå same tid fekk elevplass i Hornindal.

Både barnehagelova (§17) og opplæringslova (§9.1) definerer kva som er naudsynt for å leie høvesvis barnehage og skule. Barnehagen skal leiast av ein dagleg leiar som har «....utdanning som barnehagelærer eller annan høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse.» Skulen skal leiast «....av rektor, som har pedagogisk kompetanse og naudsynte leiareigenskapar.»

Lovene gir difor både adgang til at ein rektor også kan vere leiar for barnehage, og at ein styrar kan vere leiar også for skuledelen.

Fylkesmannen i Oppland retta i 2012 eit spørsmål til UDIR om kva vilkår som måtte vere til stades for at ein og same person kan vere leiar for både barnehagedelen og skuledelen. UDIR skriv i sitt svar til fylkesmannen følgende:

«Så lenge de generelle kravene i opplæringsloven § 9-1 første ledd og andre ledd andre punktum er oppfylt, er det ikke noe i veien for at rektor leder andre virksomheter i tillegg til skolen. Det betyr at rektor også kan være leder for samlokalisert grunnskole og barnehage, for eksempel et oppvekstsenter. Forutsetningen er at lovens krav til forsvarlig ledelse er oppfylt både for skolen og barnehagen. For skolen følger kravet av opplæringsloven § 9-1 første ledd, mens tilsvarende krav gjelder for barnehagen etter barnehageloven § 17.

I merknadene til barnehageloven § 17 er det lagt til grunn at felles organisering av skole og barnehage som én mindre virksomhet kan være en løsning i områder der barnehagebarn og skolebarn til sammen bare utgjør noen få titalls barn. Dette er et grunnvilkår for felles organisering av skole og barnehage etter barnehageloven.

Videre krever en felles organisering av skole og barnehage at lederen oppfyller barnehagelovens krav til styrer i henhold til lovens § 17 og opplæringslovens krav til skolens ledelse § 9-1.

Barnehagen skal som utgangspunkt ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen høgskoleutdanning som gir barnefaglig og pedagogisk kompetanse etter § 17 andre ledd. Det er også viktig å merke seg at barnehageloven inneholder særskilte kompetansekrav for barnehagens styrer. Det følger av merknadene til barnehageloven § 17 at relevante utdanninger for styrerstillingen er utdanning som allmennlærer og utdanning som faglærer (fireårig faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag og treårig faglærerutdanning i barnehagepedagogikk som gir kompetanse for tilsetting fra 1.klassetrinn). Personer med annen treårig pedagogisk utdanning på høgsolenivå som har tatt videreutdanning i barnehagepedagogikk, og som dermed kan bli pedagogiske ledere etter § 18, bør også kunne bli styrere.

For at kravet til rektors kompetanse skal være oppfylt stilles det krav om at rektor har pedagogisk kompetanse og nødvendige lederegenskaper. Det er ikke lenger krav om formell pedagogisk kompetanse i form av lærerutdanning eller annen pedagogisk utdannelse;

realkompetanse er tilstrekkelig. Dette går fram av forarbeidene til lovendringen, Ot, prp, nr. 67 (2002-2003), blant annet s. 23: "Det blir dessutan foreslått at lova skal innehalde eit krav om at den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiare eigenskapar. Når det gjeld kravet om pedagogisk kompetanse og nødvendige leiare eigenskapar, er det meint realkompetanse. Dette inneber at departementet framleis foreslår at dei formelle kompetansekrava som gjeld for lærarstillingane, blir oppheva for rektorstillingane. Når ein skal vurdere kva som er tillate i det konkrete tilfellet, må det også i denne samanhengen brukast skjønn. I tillegg til det som følgjer av rektorkravet, må ein ikkje tape av syne det generelle kravet om at alle skolar skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leing. Sjølv om forslaget byggjer på eit krav om realkompetanse, kan utdanningsbakgrunn og erfaring vere viktige moment i den heilskapsvurderinga som må gjennomførast for å ta stilling til om realkompetansekravet er oppfylt i det enkelte tilfellet. Dessutan vil det vere viktig å vurdere behovet ved den enkelte skolen når ein skal vurdere kva slags pedagogisk kompetanse som er relevant. Realkompetansen må vere dokumenterbar."

Det er også viktig å merke seg at rektor må ha tilstrekkelig tid til å følge med i den daglege virksomheten, både ved skolen og i barnehagen, herunder å videreutvikle virksomheten

På bakgrunn av kravene til daglig ledelse i både barnehageloven og opplæringsloven, mener Utdanningsdirektoratet at det kun unntaksvis vil være mulig å organisere virksomheter med felles ledelse av både skole og barnehage».

UDIR er altså av den oppfatning at det berre unntaksvis skal vere felles leing av barnehage og skule. Vidare understreker UDIR at leing skal vere forsvarleg. I vurderinga av kva som er forsvarleg, er administrasjonen oppteken av leiaren sin faglege bakgrunn, personlege eigenskapar og at det er tilstrekkeleg tid til å utføre oppgåva.

Arbeidsgivar er bunde av sentrale avtalar for kor mykje leiarressurs det skal vere ved ei eining. For barnehagesektoren seier den sentrale avtalen at det som eit minimum skal vere 35% styrarressurs. For skulen sin del seier ikkje avtalen ein eksplisitt prosent, men at dette skal vere eit resultat av lokale forhandlingar. Avtalen har og som ordlyd at «...I utgangspunktet videreføres ledelsesressursen fra foregående skoleår som et minimum».

Ved etablering av eit oppvekstsenter vurderer administrasjonen at ein er bunde av særavtalen for styrarar i barnehage. Administrasjonen vurderer vidare at ordlyden for skulesektoren er noko rundare, og at det her er rom for tolking i retning av at leiarressursen kan takast ned ved nyorganisering i til dømes eir oppvekstsenter. Når vi likevel legg til grunn at ein einingsleiar skal leie både verksemda for barnehage og skule, ser ikkje administrasjonen føre seg at det kan takast ned nokon særleg ressurs her. Ein leiar må følgje opp to ulike lovverk, ein må følgje opp alle møte som gjeld begge sektorane og ein blir personalleiar for fleire. Ei samla vurdering er difor at leiarressursen i eit evt oppvekstsenter må vere på same nivå som om det er to separate einingar.

Det samla personalet ved einingane

Som tidlegare nemnt snakkar vi om ulike verksemdar som eventuelt skal samordnast i ei, ny eining. Spørsmålet administrasjonen har sett på, er om det er noko å hente utifrå ein effektiviseringssynstad eller frå eit fagleg perspektiv. I dette arbeidet har og dagens leing ved Austefjord barnehage og skule vore med og vurdert sidene ved å organisere i eit mogleg, framtidig oppvekstsenter.

Gjennom denne prosessen kan ein i liten grad få auge på særlege effektar. Rett nok kan personalet ved dagens to einingar sjåast under eitt, og ein kan i større grad formalisere

samarbeidet som alt er til stades. Ein kan og sjå føre seg at ein assistent/fagarbeider kan utføre arbeid på begge område, men ein kan ikkje «serve» begge områda samtidig. Det ligg difor ikkje særlege økonomiske gevinstar her. Effekten vil difor vere av meir personalpolitisk art, der tilsette moglegvis kan få høgare stilling.

Administrasjonen ser dette som noko aktuelt i SFO og barnehage, ved at ein evt kan organisere SFO som eit tilbod saman med dei eldste barna i barnehagen. Ein må i så fall på same tid ta omsyn til bemanningsnorm og pedagognorm som barnehagen er bunde av i organiseringa, noko som gjer at vi ikkje ser føre oss potensial for innsparingar.

For å drifte ei SFO-ordning er det naudsynt med ein 38% tilsetteressurs. Denne kan uansett ikkje takast heilt ned, men det kan vurderast å redusere denne noko. Uansett vurderer administrasjonen denne effekten til å vere så liten, at det ikkje vil monne utifrå eit økonomisk perspektiv. Det ligg og ei utfordring i dette å organisere tilbodet til ei aldersgruppe som då vil vere mellom 1-10 år, sett i lys av det vi tidlegare har nemnt om ulike lovverk og føreskrifter.

Dagens leiing i skule og barnehage konkluderer begge med at ein ikkje ser føre seg særleg endring i drifta ved å definere det som eit oppvekstsenter, kontra å halde fram som to einingar. Dei legg elles vekt på at det alt er eit samarbeid mellom einingane, og ser ikkje føre seg at å kalle det oppvekstsenter vil endre særleg på det.

Administrasjonen har vore i kontakt med oppvekstsjefen i Sande kommune, som har valt å etablere oppvekstsenter. Ein har i kontakten med Sande bede om deira vurderingar i dag etter å ha gjort seg erfaringar over tid. Tilbakemeldingane vi har fått etter denne kontakten er følgande:

- Organiseringa har ikkje gitt innsparingar økonomisk
- Fagmiljøa vart berre delvis vart styrka ettersom skilnaden på skule og barnehage er stor m.o.t. arbeidstid, lovverk etc
- Utnytting av leiarressursen lukkast eit stykke på veg, men splitta oppgåvene på større område, fleire lovverk osb. Kompetansen spesifikt mot det eine eller det andre lovområdet vart tilsvarande svekka.

Utifrå erfaringane som Sande kommune har gjort seg, ser det altså ikkje ut som det er særleg hensikt å etablere eit oppvekstsenter, og at det er lite eller ingenting å hente økonomisk, fagleg eller organisatorisk.

Fagleg tilbodet i einingane

Skulen og barnehagen ligg allereie i dag i same lokale, og samarbeidet som er der i dag sikrar ein god og trygg overgang frå barnehage til skule. Ein har og nokre felles treffpunkt gjennom m.a julefest, BLIME-aksjon kvart år og ein møtest mykje uformelt i uteleik.

Administrasjonen legg til grunn at ein allereie i dag er samlokalisert, og finn ikkje at ei ny formell organisering vil forsterke det faglege tilbodet som alt no er etablert. Å ha ein leiar for heile verksemda kan gi føresetnad for ei meir heilskapleg tenking, samtidig fordrar dette ein leiar som har god oversikt over både barnehage –og skulefeltet, noko som i seg sjølv er utfordrande.

Administrasjonen legg elles til grunn erfaringane frå Sande kommune, og ser heller ikkje føre oss at vi gjennom å kalle det eit oppvekstsenter er i stand til å hente ut særlege gevinstar fagleg eller økonomisk.

Vurdering og konklusjon

Administrasjonen vurderer at det er svært lite å hente fagleg, organisatorisk eller økonomisk ved å omdefinere dagens skule og barnehage til eit oppvekstsenter. Særleg er dette begrunna i at det vil likevel vere to ulike verksemdar som må drive etter ulike lovverk, planar og føreskrifter. Administrasjonen har vurdert om leiarressurs kan samla sett takast ned, og peikar igjen på at nedgangen i elevtal ved skulen tilseier at det frå neste skuleår vil bli teke opp til vurdering å redusere leiarressursen.

Administrasjonen konkluderer med at særavtalar og at leiar må sikrast naudsynt tid til å følgje opp det pedagogiske, administrative og personalmessige arbeidet, gjer at ein ikkje ser føre seg å få økonomiske effektar knytt til leiarressurs ved eit evt oppvekstsenter.

Administrasjonen rår difor til at ein ikkje organiserer skule, barnehage og SFO som eit oppvekstsenter.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at ein ikkje går vidare med planar om å etablere eit oppvekstsenter i Austefjord.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Det er vurdert å gi liten/ingen effekt på å endre Austefjord barnehage, skule og SFO til å verte eit oppvekstsenter.

Volda kommune brukar meir ressursar til barnehage og skule enn samanliknbare kommunar som følgje av mange små einingar. Dette har vore ei politisk prioritering.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Austefjord barnehage
Austefjord skule

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2018/1976

Arkivkode: A20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
41/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
	Formannskapet	27.11.2018

UTGREIING AV SAMLOKALISERING AV BRATTEBERG OG VIKEBYGDA SKULAR

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Administrasjonen vert bede om å greie ut konsekvensar ved samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular.*
- 2. Saka skal leggjast fram til politisk handsaming etter at den har vore til høyring.*

Samandrag av saka:

Formannskapet er tidlegare orientert om elevtalsutviklinga i sentrum, og fordelinga av elevar mellom sentrumsskulane Øyra, Bratteberg og Vikebygda.

Til vanleg vert elevane fordelt på to klasser ved Øyra skule og ei klasse på høvesvis Bratteberg og Vikebygda skular. Elevtalsutviklinga viser at det vil vere tilstrekkeleg å fordele komande 1. klassingar på tre grupper.

I klartekst tyder det at det ikkje er naudsynt å nytte kapasiteten ved Vikebygda skule.

Saksopplysningar/fakta:

Så lenge det ikkje vert gjort vedtak om anna, driv Volda kommune tre barneskular i sentrum, og til vanleg vert det oppretta til saman fire grupper når 1. klassingane vert tildelt skuleplass. To grupper ved Øyra skule og ei gruppe høvesvis ved Bratteberg og Vikebygda skular.

Dei to siste skuleåra har talet på elevar som har byrja i skulen ikkje vore større enn at dei kunne vorte fordelte på tre grupper.

Dette har fått som konsekvens at Vikebygda skule ikkje er fulldelt (2. og 3. klasse går saman). Ved Bratteberg skule er det 10 elevar i 1. klasse inneverande skuleår, og skulle det ikkje bli fleire neste skuleår, vil heller ikkje Bratteberg skule vere ein fulldelt barneskule.

Ut frå pedagogiske omsyn er dette ikkje ynskjeleg.

Elevtalet ved skulane er inneverande skuleår slik:

Årssteg	1.	2.	3.	4.
Bratteberg	10	22	26	21
Vikebygda	14	6	16	17

Talet på elevar som skal byrje i skulen i sentrum dei komande åra:

Skuleår	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24
Elevtal	73	66	65	70	68

To klasser ved Øyra skule og ei klasse ved Bratteberg skule har kapasitet til 82 elevar dei komande åra.

Ei samlokalisering av skuledrifta har også ei økonomisk side. Volda kommune står overfor svært tunge investeringar i Volda sentrum dei komande åra. Mellom dei som skal stette lovpålagde oppgåver kan ein nemne tiltak ved Volda ungdomsskule, tiltak innan barnehagedrifta og basseng til symje- og livbergingsopplæring. Samla sett representerer desse prosjekta auka kapitalutgifter på om lag 13,5 mill. Volda kommune sitt økonomiske engasjement knytt til Volda Campus Arena vil vere på ca kr 50 mill. Kommunen vil bere den økonomiske risikoen i prosjektet med garanti for lån og spelemidlar.

Dei inntektene kommunen har å drive for vert hovudsakleg regulert gjennom statlege overføringar og skatteinntekter. For at kommunen skal ha handlingsrom til eigne prioriteringar må ein tilpasse nivået på utgiftene i samsvar med behovet for tenester. Behovet har samanheng med folketalssamansettinga og sosiale forhold. Staten har utvikla eigne kriterier for å fastsetje Volda kommune sitt utgiftsbehov spesifisert på ulike tenester. For 2019 er det rekna ut at det kostar ca 12 254 mill kr meir å drifte Volda enn gjennomsnittskommunen i landet. Dette får vi kompensert som utgiftsutjamnande tilskot over inntektssystemet. Dette vert summen av trekk i systemet der vi er billegare å drifte og tillegg på område der vi er dyrare å drifte enn gjennomsnittskommunen.

Av tabellen nedanfor ser ein at det er i omsorgstenestene vi har størst behov og avvik mest frå gjennomsnittskommunen. Vi har lågare utgiftsbehov i gruppa blant barn og unge (barnehage og grunnskule). For årsgruppa 2 – 5 år, som går i barnehage, så er utgiftsbehovet vesentleg lågare enn gjennomsnittet og vi får eit relativt stort trekk.

Der Volda kommune driv vesentleg mykje dyrare enn utgiftsbehovet, bind det opp ressursar som kan hindre nødvendig utvikling for å utvikle kvaliteten på desse tenestene og oppdatere bygningsmasse og sikre lovfesta tilbod både knytt til inneklima, kroppsøving og symjing.

VOLDA

kommune

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år **2019**

(utgiftsutjevne tilskudd)

prisnivå år 2019

	HELE LANDET		VOLDA			Bruk av folketall 1.7.2018	
	Vekt	Antall	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj	
						kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0055	114 436	198	1,0039	0,00 %	1	10
2-5 år	0,1401	245 126	378	0,8947	-1,47 %	-771	-7 060
6-15 år	0,2628	639 819	1 137	1,0311	0,82 %	427	3 912
16-22 år	0,0229	461 318	941	1,1835	0,42 %	220	2 012
23-66 år	0,1031	3 054 570	4 965	0,9431	-0,59 %	-307	-2 808
67-79 år	0,0553	572 790	1 062	1,0758	0,42 %	219	2 006
80-89 år	0,0760	179 646	371	1,1983	1,51 %	788	7 213
over 90 år	0,0383	44 803	104	1,3469	1,33 %	695	6 360
Basistillegg	0,0188	325	0,6154	1,0989	0,19 %	97	890
Sone	0,0101	20 463 927	57 468	1,6294	0,64 %	332	3 043
Nabo	0,0101	9 424 649	23 453	1,4439	0,45 %	234	2 146
Landbrukskrite	0,0020	1	0,0027	1,5720	0,11 %	60	548
Innvandrere 6-	0,0071	51 039	76	0,8640	-0,10 %	-50	-462
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand							
Flyktninger ut	0,0084	150 287	162	0,6254	-0,31 %	-165	-1 506
Dødlighet	0,0452	40 765	64	0,9109	-0,40 %	-210	-1 927
Barn 0-15 med	0,0181	119 602	169	0,8199	-0,33 %	-170	-1 561
Lavinntekt	0,0113	263 451	355	0,7818	-0,25 %	-129	-1 180
Uføre 18-49 år	0,0065	99 701	124	0,7216	-0,18 %	-95	-866
Opphopningsi	0,0095	190	0,1522	0,4637	-0,51 %	-266	-2 439
Urbanitetskriterium							
Aleneboende	0,0194	455 399	597	0,7606	-0,46 %	-243	-2 223
PU over 16 år	0,0484	19 858	41	1,1980	0,96 %	501	4 587
Ikke-gifte 67 år	0,0452	350 364	596	0,9870	-0,06 %	-31	-281
Barn 1 år uten	0,0171	39 069	68	1,0061	0,01 %	5	50
Innbyggere m	0,0188	1 355 932	2 802	1,1990	0,37 %	196	1 791
1 Kostnadsina	1,0000			1,02560	2,56 %	1 338	12 254
(Tillegg/trekk kr pr innb.)						Alle tall i 1000 kr	
2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr						12 254	
3 Nto.virkn. statl/priv. skoler						2 280	
4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)						14 535	

Ei samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular vil frigjere midlar og skape eit større økonomisk handlingsrom til både å styrke grunnskuledrifta og realisere naudsynte investeringar.

Ei samlokalisering vil ta vekk overgangen frå Vikebygda til Bratteberg for elevar som skal ta til i 5. klasse. For nokre elevar er dette ein krevjande overgang.

Vidare drift av Vikebygda skule vil krevje investeringstiltak for å kome i møte krav om universell utforming og krav til innemiljø. Ei samlokalisering av skulane vil opne for å samle ressursane om ein skule framfor to.

Ei samlokalisering og nedbygging av kapasitet tilpassa behovet, tek vekk det meste av den restkapasiteten som er i sentrum i dag. Risikoen er at tilflytting kan auke talet på elevar som skal byrje i skulen dei komande åra, og at det vil utfordre kapasiteten ved Øyra og Bratteberg skular.

Ei samlokalisering vil gje nokre elevar lengre skuleveg og truleg utløyse noko meir skuleskyss.

Vurdering og konklusjon:

Elevtalsutviklinga i sentrum viser at Volda kommune kan samlokalisere Vikebygda skule og Bratteberg skule og likevel ha kapasitet til å dekke behovet for skuleplassar dei komande åra.

Det er både pedagogiske og økonomiske argument som talar for ei slik samlokalisering. Samstundes vil ei samlokalisering medføre ein risiko for at kapasiteten vert utfordra viss talet på elevar som skal byrje i skulen dei komande åra aukar.

Etter ei samla vurdering vert det rådd til at formannsskapet ber administrasjonen førebu ei sak om samlokalisering av Vikebygda og Bratteberg skular, og legg den fram til politisk handsaming etter at saka har vore ute på høyring.

Spørsmål om samlokalisering vil innebere ei endring for dei som går ved Vikebygda, og det er alltid naturleg at det vil vere motstand mot endringar. Dette vil ein få innspel på i prosessen framover og ta stilling til. Målsettinga er at alle elevane i Volda kommune skal ha eit godt skuletilbod, og ein må derfor vurdere dette i eit samla perspektiv der ein ser ressursbehov og ressurstildeling i samanheng.

Økonomiske konsekvensar:

Samlokalisering av skulane vil gje innsparingar i grunnskuledrifta. Ei slik innsparing vil vere nødvendig som bidrag til å løyse store behov innanfor lovpålagt teneste som Volda ungdomsskule, kroppsøvingсанlegg/idrettshall og svømmeanlegg.

Det er gjort investeringar på Vikebygda skule knytt til energiøkonomitiltak – nye vindauger og ventilasjon. Vindauga representerer ein verdiauke på bygget. Ventilasjonsanlegget er mobilt/flyttbart anlegg.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen



VOLDA KOMMUNE

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Opplæring og oppvekst



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2018/2054

Arkivkode: A20

Utvalsaksnr

42/18

Utval

Tenesteutval for oppvekst og kultur
Kommunestyret

Møtedato

21.11.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Skulekrinsar i Volda kommune – høyring.
Høyringsnotat.

Samandrag av saka:

Det vert vist til vedlegga: Skulekrinsar i Volda kommune – høyring og høyringsnotat.
Kommunestyret vert bedne om å kome med høyringsfråsegn i saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppvekstsjefen



Høyringspartar

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/2054	15219/2018	A20	OPP/ PERKON	03.11.2018

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE - HØYRING

Viser til vedlagt høyringsnotat.

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt. Kommunestyra vil også bli bedne om ein uttale i saka.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

Høyringsfristen vert sett til 07.01.2019. Uttalar skal merkast med saksnr 2018/2054.

Med helsing

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst

Vedlegg:

1 Høyringsnotat - skulekrinsar i nye Volda kommune
Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Høyringsnotat

SKULEKRINSAR I NYE VOLDA KOMMUNE

1. Innleiing

Det er vedteke grensejustering som inneber at grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune skal høyre til nye Volda kommune. Det inneber at det må takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til i den nye kommunen

Skulekrinsar er eigd og vert forvalta av kommunen. Når kommunar slår seg saman, må skulekrinsane få nye namn viss det er naudsynt. Grunnkrinsar bør ligge til grunn, men det er ikkje eit krav. Det er vanleg at fleire grunnkrinsar utgjer ein skulekrins.

Ved kommunesamanslåing vil den største kommunen behalde sine grunnkrinsnummer –og namn. Den mindre kommunen vert tildelt delområdenummer som fyl etter numra i den største kommunen.

Oppretting av ein ny skulekrins som inkluderer Bjørke og Viddal får ingen konsekvensar for skulekrinsane Lid/Mork, Folkestad og Dalsfjord/Ulvestad.

Saka kan få konsekvensar for tidlegare Austefjord skulekrins, og på den måten Stor-Øyra skulekrins som no omfattar Austefjorden. Aktuelle grendalag i Austefjorden vil difor bli bedne om å kome med sine synspunkt saman med grendalag i Bjørke, Viddal og Hornindal. SU og FAU ved Austefjord og Hornindal skular vil saman med SU og FAU ved Volda ungdomsskule også bli bedne om å kome med sine synspunkt.

Ein finn at saka i liten grad vedkjem grendautval i Volda sentrum, og finn det difor ikkje formålstenleg å involvere dei i høyringa.

Saka skal følgje sakshandsamingsreglane slik dei kjem fram i rundskriv Udir-2-2012 *Behandling av saker om skolenedlegging og kretsgrenser*.

Etter at høyringsfristen er ute, vil administrasjonen fremje sak for fellesnemnda for nye Volda kommune med tilråding om kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, og sak om forskrift om skulekrinsgrenser vil bli lagt fram for fellesnemnda.

2. Bakgrunn

I dag er det fire skulekrinsar i Volda kommune:



- Nr 1 Lid/Mork skulekrins (ungdomsskuleelevar i krinsen går på Volda ungdomsskule)
- Nr 2 Stor-Øyra skulekrins (Austefjord skulekrins innlemma i Stor-Øyra etter vedtak i kommunestyret 30.01.14)
- Nr 4 Folkestad skulekrins
- Nr 5 Dalsfjord/Ulvestad skulekrins

Hornindal kommune er sett saman av grunnkrinsane Haugen, Kirkhorn, Grodås, Kjøs, Otterdal, Lødemel og Rygg. Desse grunnkrinsane utgjer Hornindal skulekrins.

Basert på munnlege kjelder, opplyser rådmannen i Hornindal at siste regulering av skulekrinsgrenser i Hornindal vart gjennomført i 1963. Då vart alle krinsar samla til ein skulekrins, men av praktiske omsyn, vart elevane fordelte på to ulike skulebygg. Den ordninga heldt fram til nytt skulebygg stod klart i 1975.

Innanfor Stor-Øyra skulekrins er det ikkje faste opptaksgrenser mellom dei fire barneskulane i krinsen: Øyra, Bratteberg, Vikebygda og Austefjord skular.

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar heiter det mellom anna:

Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule

3. Lovheimel for å opprette skulekrins

I opplæringslova § 8-1 første ledd og andre punktum heiter det:

Grunnskuleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.

Skulekrinsgrenser gir oversikt over kva for område i kommunen som soknar til kva for skular. Lova gir kommunen rett til å velje om den vil nytte seg lovheimelen til å utarbeide forskrifter om skulekrinsgrenser. Denne lovheimelen er gitt for å kunne gjere det føreseieleg for innbyggjarane i kommunen, og er særleg viktig for foreldre og elevar. Vidare styrer det den kommunale sakshandsaminga ved tildeling av skuleplass og den sikrar likehandsaming.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Det ligg ikkje innanfor det kommunale handlingsromet eller sjølvstyre å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet.

Forskrifter om skulekrinsgrenser er likevel ikkje til hinder for at det kan søkast om å gå på annan skule enn nærskulen. Så lenge dei føresette tek hand om evt skyss, og det ikkje påfører kommunen ekstra kostnader på andre måtar, har slike søknader til vanleg vorte imøtekomne i Volda kommune.

Nokre kommunar har valt ikkje å gje forskrifter om skulekrinsgrenser i det heile.



4. Mynde til å ta avgjerd i fastsetjing av forskrift til skulekrinsgrenser

Fellesnemnda skal samordne og ta seg av førebuinga med samanslåinga for nye Volda kommune. Utover dei lovbestemte oppgåvene for fellesnemnda (fastsett i inndelingslova § 26), kan kommunestyra fastsetje andre arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda i reglement/vedtekter/forskrifter. Fastsetjing/ending av skulekrinsgrenser i ny kommune er ei av mange naudsynte førebuingar for ny kommune og kan slik sett naturleg høyre til under dei oppgåvene som fellesnemnda skal løyse.

Reglement/vedtekt for fellesnemnda til nye Volda kommune seier ikkje spesifikt om fastsetjing av nye skulekrinsgrenser. Spørsmålet blir då kor vide fullmakter kommunestyra har meint å gje fellesnemnda.

Fellesnemnda har fått fullmakt til å «*Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune*». Vedtak om skulekrinsgrenser må kunne seiast å vere ei sak knytt til samanslåingsprosessen, og at fellesnemnda med det har fullmakt til å ta avgjerd.


Administrasjonen finn det likevel naturleg at kommunestyra er høyringsinstansar i saka.

Viss ein vurderer at avgjerdsla ligg utanfor fullmaktene til fellesnemnda, må kommunestyra fatte likelydande vedtak.

4. Administrasjonen sine framlegg

Når det skal takast stilling til kva skulekrins Bjørke og Viddal skal høyre til, ser administrasjonen følgjande alternativ som aktuelle:

1. Det vert oppretta ein ny skulekrins som inkluderer tidlegare Austefjord skulekrins, Hornindal, Bjørke og Viddal.



Austefjord, Bjørke, Viddal, Hornindal



Ein ville då ha ein skulekrins med to skular: Austefjord skule og Hornindal skule.

For barneskuleelevane ville det være nærskuleprinsippet som avgjer kva for ein skule dei har rett til å gå på, medan ungdomsskuleelevane i krinsen ville ha Hornindal skule som sin nærskule.


Ungdomssteget ved Austefjord skule er nedlagt, og elevane går no på Volda ungdomsskule. Viss ein opprettar ein skulekrins som skissert her, vil Hornindal skule vere nærskulen til ungdomsskuleelevane frå Austefjorden frå hausten 2020. Det ville vere naturleg at dei elevane som har starta på Volda ungdomsskule får gå ferdig ungdomsskulen der.

Dette forslaget er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane.

Så lenge det er drift ved Austefjord skule, vil det i liten eller ingen grad endre kva som er nærskulen til barneskuleelevane, og det vil slik ikkje endre elevgrunnlaget til Austefjord og Hornindal skular. Foreldra på Bjørke og Viddal har tidlegare teke det standpunktet at dei ynskjer Hornindal skule som nærskule.

Dette alternativet vil få konsekvensar for ungdomsskuleelevane i tidlegare Austefjord skulekrins. Det vil definere Hornindal skule som nærskulen for ungdomsskuleelevane. Elevgrunnlaget til ungdomssteget i Hornindal vil på denne måten bli styrka.

2. Bjørke og Viddal vert teke inn i Stor-Øyra krins. Hornindal vil då vere eigen skulekrins. For høvesvis barneskule og ungdomsskuleelevane frå Bjørke og Viddal vert Austefjord skule og Volda ungdomsskule nærskulen for elevane.






VOLDA KOMMUNE Oppvekst

I 2008 vart det inngått avtale mellom Volda og Ørsta kommunar om undervisning av elevar frå Bjørke ved Austefjord skule, ein avtale som var gjeldande fram til 2018. Ørsta kommune har, etter ynskje frå foreldra i Bjørke-området, inngått avtale med Hornindal kommune om grunnskuleopplæring for elevane. Ørsta kommune la vekt på at foreldra ynskjer eit heilskapleg løp frå barnehage og ut grunnskulen på lik linje med born frå Hornindal krins.

Avstanden frå Bjørke til Hornindal er om lag 20 km, medan det frå Bjørke til Austefjorden er 17,5 km. I lys av den totale lengda, vurderer administrasjonen at differansen ikkje kan vektleggast. Med andre ord er det ikkje denne faktoren som avgjer kva som vert å sjå på som nærskulen til barneskuleelevane frå Bjørke og Viddal. Avstanden til Volda ungdomsskule vil derimot bli lenger enn til Hornindal skule, og det kan difor med rette stillast spørsmål ved om dette forslaget om kringsgrense kan seiast å vere ein funksjon av nærskuleprinsippet.

I administrasjonen si tilråding vil foreldra sitt ynskje om eit heilskapleg løp frå barnehage og grunnskule i Hornindal verte vektlagt.

3. Kalvatn grunnkrins, Bjørke, Viddal og Hornindal som ein skulekrins. Hornindal skule vert då nærskulen for elevane.



Kalvatn/Hornindal/Bjørke/Viddal


Legg ein geografien til grunn, kan det vere nærliggande å vurdere dette alternativet som naturleg. Også med omsyn til skuleskyss kan dette vere eit alternativ som legg til rette for rasjonelle løysingar.



På same tid er avstanden til Austefjord skule kortare for elevar i Kalvatn krins enn til Hornindal skule, sjølv om det i transport- og ventetid truleg ikkje vil utgjere ein vesentleg skilnad.

Når elevane vert ungdomsskuleelevar vil avstand og reisetid bli vesentleg kortare til Hornindal skule enn Volda ungdomsskule.

4. Hornindal, Bjørke og Viddal som ein skulekrins. Hornindal skule vert nærskulen for elevane i krinsen.



Hornindal/Bjørke/Viddal

Etter ynskje frå foreldra, kjøper Ørsta kommune i dag skuleplass i Hornindal for elevane frå Bjørke og Viddal. Det er rimeleg å anta at foreldra ynskjer Hornindal skule som nærskule i den nye kommunen.



5. Høyrinsinstansar

Jfr rundskriv Udir-2-12, vert følgjande instansar bedne om å uttale seg i saka

- Grendautval i Hornindal
- Grendautval i Bjørke og Viddal
- Grendautval i Austefjorden
- Volda kommunestyre
- Hornindal kommunestyre
- FAU og SU ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Elevråda ved Hornindal skule, Austefjord skule og Volda ungdomsskule
- Utdanningsforbundet i Hornindal og Volda
- Fagforbundet i Hornindal og Volda
- Møre og Romsdal fylkeskommune – samferdsleavdelinga

Andre som ynskjer å uttale seg i saka vil også bli hørte.

6. Høyringsfrist

Høyringsfristen vert sett til **07.01.2019**

Høyringssvar skal merkast med saksnr 2018/2054, og sendast til
postmottak@volda.kommune.no eller

Volda kommune
Postmottak
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 3. november 2018

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
kommunalsjef oppvekst



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2018/1099
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
84/18	Forvaltningsutvalet	20.11.2018
15/18	Eldrerådet	19.11.2018
10/18	Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne	19.11.2018
33/18	Tenesteutval for helse og omsorg	21.11.2018
43/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	21.11.2018
36/18	Ungdomsrådet	20.11.2018

ÅRSBUDSJETT 2019 - ØKONOMIPLAN 2019-2022

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedleggsliste:

- Økonomiplan 2019-2022/Årsbudsjett 2019, Administrativt framlegg datert 08.11.18
- Innspel frå Volda kyrkjelege fellesråd, datert 26.10.18
- Innspel frå Volda KrF v/Henning Holsvik, datert 26.09.18 om ny lysmaskin Hamna dagsenter
- Innspel frå Volda FrP, datert 28.09.18 om fordeling av midlar frå havbruksfondet
- Innspel frå fleire grendalag om fordeling av midlar frå havbruksfondet, datert 08.10. og 15.10.18
- Innspel frå Voldsfjordkryssing AS om tilskot til midlar frå havbruksfondet, datert 24.09.18
- Innspel frå Volda Idrettsråd, datert 26.10.18

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld fastsetting av økonomiplan for perioden 2019-2022 og årsbudsjettet for 2019 for Volda kommune.

Rådmann har utarbeidd eige framlegg for Økonomiplan 2019-2022/Årsbudsjett 2019. Framlegget vert lagt fram i Tenesteutval for helse og omsorg, Tenesteutval for oppvekst og kultur, Forvaltningsutvalet, Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådmann vil legge fram eiga sak med innstilling til Formannskapet 27. november der formannskapet gjer innstilling til Kommunestyret som handsamar budsjett og økonomiplan 13. desember, etter at det har ligge ute til offentleg ettersyn.

Utvala kan gi ei tilråding til den politiske handsaminga i Formannskap. Frist for attendemelding er 26. november.

Saksopplysningar/fakta:

Vurdering og konklusjon:

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT 2019

ØKONOMIPLAN 2019-2022

Administrativt framlegg

08.11.2018



Innholdsfortegnelse

FORORD	4
1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT	6
1.1 Driftstiltak økonomiplan 2019-2022	8
2 SEKTORANE OG STABANE	10
2.1 INNLEIING	10
2.2 MÅLKART	11
2.3 BUDSJETTRAMMER	14
2.4 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN	16
2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN	24
2.6 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN	28
2.7 TEKNISK SEKTOR	35
2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN	42
2.9 ØKONOMIAVDELINGA	46
2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA	49
2.11 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA	53
2.12 NAV	61
2.12 FELLESOMRÅDET	63
2.13 Innspel til budsjettarbeidet	66
3 INVESTERINGAR	68
3.1 IKT, DIGITALISERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	70
3.2 EIGEDOM	70
3.3 INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSUTVIKLING	71
3.4 MASKINER OG KØYRETØY	71
4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR	72
4.1 FINANSOMRÅDET	73
4.2 FONDSMIDLAR	77
4.3 FRIE INNTEKTER	79
4.4 GENERELLE STATSTILSKOT	82
4.5 FOLKETALSUTVIKLING	83
4.6 EIGEDOMSSKATT	87
4.7 NÆRINGSUTVIKLING	88
4.8 KOMMUNEREFORMA	91
4.9 KOSTRA tal Volda kommune	92
VEDLEGG	93

HOVUDOVERSIKTER	93
Budsjettskjema 1A.....	93
Budsjettskjema 1B.....	94
Budsjettskjema 2A.....	95
Budsjettskjema 2B.....	95
Budsjettskjema 4	101
Budsjettskjema 5	102

FORORD

Dagens Volda kommune går over i historia og vert erstatta av nye Volda frå 2020. «Buet» i gamle Volda vil setje sitt preg på den nye kommunen. Kommunen har opparbeidd seg høg gjeld gjennom store investeringar over mange år, og har svært store investeringsbehov i Volda sentrum. Ungdomsskulen, svømmehall, barnehage og idrettshall er grunnleggjande tenesteinfrastruktur som har vore forsømt over tid. På grunn av mange skular og barnehagar prioriterer kommunen høg ressursbruk på drift av barnehage og grunnskule der utgiftsbehovet ut frå demografien går ned. Dette bind opp ressursar som ein treng for å dekkje opp eit aukande tenestebehov i omsorgstenestene. Den nasjonale trenden viser auka utgifter til sosialhjelp, barnevern og ressurskrevjande tenester. Kommunane i Møre og Romsdal kan vente seg eit ekstra trykk på omsorgstenestene i samband med at Helse Møre og Romsdal skal redusere drifta med 0,5 mrd, der omløpshastigheita på pasientflyten mellom spesialist- og kommunehelsetenesta er venta å auke. Det vil føre til auka press både på sjukeheimane og heimetenestene. Samla sett er dette utgifter som veks utover det som vert kompensert i dei frie inntektene frå staten. Staten signaliserer behov for reduksjon i veksten i dei kommunale utgiftene, og har forventningar om rasjonalisering og effektivisering for å møte auka behov og lokale prioriteringar. Kommunar som ikkje vil gjere endring og redusere utgiftene innanfor dei ulike tenestene, vil ikkje kunne ha økonomisk handlingsrom. Dette endringsbildet omhandlar også dreining til tidleg innsats og førebygging for å unngå for stor auke i framtidig tenestebehov. Dette gjeld overfor barn/unge og blant dei eldre. Samfunnsdelen i kommuneplanen har eit gjennomgåande prinsipp for folkehelsperspektiv, noko som bør gjenspegle prioriteringane i budsjett og økonomiplan.

Vi må ikkje underkjenne at vi no står i eit skifte der det er heilt nødvendig med endring. Skal kommunen greie å yte gode tenester inkl ny ungdomsskule, barnehage, idrettshall og svømmehall, og samtidig handtere veksten i behov blant eldre og dei i samfunnet som har størst behov for tenester, så må ein dreie ressursar frå skule og barnehage med færre einingar som bind opp ressursar. Ein må også gjere endringar i omsorgstenestene for å flytte ressursar i tenestetrappa til dei som har mest behov. Reint konkret handlar dette mellom anna om å redusere talet på heildøgnsbemanna omsorgsbustader og flytte ressursar til styrka tiltak i heimtenesta og rehabilitering. Dette vil ikkje vere nok. Ein kan ikkje vente å få tenester som ligg på ein standard utover det som kommunen etter lova er plikta å yte. Administrasjonen og dei tilsette må vere budde på endring. Vi må ta sikte på å ta ut effekt av nye verkty og arbeidsmåtar gjennom nyskaping og digitale verkty. Vi treng samarbeid gjennom samskaping med frivillige og private aktørar.

Endring er heilt nødvendig for å skape utvikling. Utfordringa er at alle endringar har ibuande konflikt i seg. Det er naturleg at alle som vert råka av endring vil kjempe for sine interesser ut frå sin ståstad. Dei vil ha vanskar med å kunne sjå kva verknad denne endringa vil ha for å få på plass brikka i det store komplekse bildet. For å få eit folkeaksept på endringar er ein avhengig av å kunne presentere dei kompliserte samanhengane. Dette er noko av det eg som rådmann kjenner på som noko av det vanskelegaste. Enkeltsaker kan lett verte trekt ut av samanhengen. Administrasjonen vert da ofte opplevd som forkjemparar for sentralisering og

ikkje bry seg om bygdene eller enkeltgrupper. Administrasjonen har eit fagleg ansvar for sjå dei samla konsekvensane. Dersom kommunestyret vil gjere store investeringar med auke renter, så må administrasjonen forklare konsekvensane og kome med forslag til dekning som røyver ved særinteresser. Dette handlar om eit eventuelt politisk vegval om ein vil konsolidere og behalde dagens tenesteprioritering, eller om ein vil skape eit handlingsrom for å ruste opp tenestene med ny el rehabilitert ungdomsskule, barnehage i sentrum, svømmehall og idrettshall. Når det gjeld kommunen sin økonomi, så er det så lett å lausrive seg frå den ansvarstenkinga ein har for privatøkonomien, og danne ei forestilling om at det er plass til alt.

Kommunen får inntekter frå ulike kjelder. Kommunen treng å sjå alle inntektene opp mot ei samla drift og investeringsramme. Dersom ein skulle øymerke enkelte inntekter som td havbruksfond og eigedomsskatt til bestemte formål, vil ein innskrenke handlingsrommet for det heilskaplege perspektivet.

Våre lokale utfordringar kan linkast til dei sentrale føringane i regjeringa si Perspektivmelding i 2017. Der vert det uttrykt at om ein ikkje greier å redusere veksten dei offentlege utgiftene, så vert løysinga privatisering og auka skattar.

Dei store investeringane i gjeldande økonomiplan er vidareført i framskrivinga, der også kulturhus inngår med oppstart i 2019. Eigedomsskatten vert auka til 3 promille i 2021 for å kunne forsvare denne investeringa.

Framlegget til økonomiplan er bygt på eit opplegg med store risikofaktorar. Dette må ein under handsaminga vere svært medveten om. Balanseringa er basert på at vi brukar 109,8 mill kr frå disposisjonsfondet samtidig som vi inntektsfører 59,2 mill kr i positivt premieavvik/premiefond. Bruken av disposisjonfondet inneber at vi brukar opp reservane, medan positivt premieavvik er ei forskyving av rekneskapsførte pensjonskostnader som er basert på stor usikkerheit. Det er lagt til grunn refusjon av 29 mill kr i spelemidlar til idrettshallen i 2022. Dersom midlane kjem seinare må ein dette året finne dekning på drifta for å erstatte desse inntektene. Investeringsnivået er i høgste skiktet også med tanke på administrativ kapasitet til å følgje dei opp. Det er laga ei matrise med fordeling av investeringsprosjekta på byggjeleiarar og eksternt innleige. Denne må ajourførast i samsvar med ev endring i prioriteringar i den politiske handsaminga. Det er ein risiko knytt til oppfølging og framdrift. Med investeringsnivået som er lagt opp til kan Volda saman med Hornindal i ny kommune kome opp i ei lånegjeld på nærare 2 mrd. Ein er da svært eksponert for store konsekvensar ved ev renteauke.

Eg ser dei største utfordringane for Volda framover knytt til:

- Skape kunnskap om samanhengane i ei komplisert kommunal verksemd der innbyggjarane, administrasjonen og politikarane har felles syn på kva som er det heilskaplege bildet.
- Korleis vi vil greie å dreie om ressursbruken i kommunen for å prioritere tenestene der brukarane vil ha størst behov, og korleis vi skal greie å rasjonalisere og effektivisere tenestene for å balansere drifta etter at driftsfondet er brukt opp.

- Høg lånegjeld vil binde opp driftsøkonomien samtidig som ein vert svært eksponert for risiko for auke i renta.
- Førebyggje mot utanforskap og integrere så mange som mogleg i arbeid og aktivitet.
- Få til ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med utbyggjarar og Husbanken med sikte på eigna bustad for alle.
- Korleis få auka verdiskaping gjennom privat satsing og investeringar i sentrum og andre delar av kommunen.

2019 er det siste året i samanslåingsprosjektet. Arbeidspresset vert svært stort på administrasjonen. Gamle Volda skal avviklast og forventingar om nye oppgåver må vike til fordel for kommunesamanlåingsprosessen. Det er svært avgjerande at prosessen får full prioritet og at den nye kommunen vert best mogleg rigga for drift til 1. januar 2020. Dette er ein arbeidskrevjande prosess der det er viktig at vi på alle nivå har omsorg for kvarandre og passar på at vi ikkje brukar opp energien.

1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

Utgangspunktet for budsjettarbeidet er budsjettet for 2018 og økonomiplan 2018-2021. Dette vert framskriven til alle dei fire åra i økonomiplanperioden. Deretter startar endringar i forhold til både inntekts- og utgiftssida. I år som i fjor har vi hatt fokus på å få til eit meir korrekt budsjett og då meir tilpassa rekneskapen og eksisterande driftsnivå. Einingsleiarane har i år vore meir delaktige i prosessen, både gjennom aktiv økonomirapportering gjennom året og i arbeidet med å sikre eit korrekt budsjett for 2019.

Framskrive budsjett inneheld bruk av disposisjonsfondet på vel 106 mill kr pr år i perioden. Når år 2022 er over står der att vel 6,7 mill kr. Ei av årsakene til at vi hentar ut avsette midlar er at vi i økonomiplanen har prioritert store investeringar som ungdomsskulen, kultur- og kinosal, symjeanlegg, barnehage og infrastruktur tiltak. I tillegg ligg er det i 2019 henta ut 30 mill kr til tilskot knytt til Volda Campus Arena. Det er og ei utfordring at tilskot knytt til flyktning også i 2019 vert redusert ytterlegare. Ein reduksjon i tenestene knytt til denne gruppa vil ta lengre tid og det er nødvendig å nytte av disposisjonsfondet medan ein bygger ned tenestene.

Driftsnivået på sektorane er for høgt og må i økonomiplanperioden reduserast med ei ramme på 40 mill kr pr år frå og med 2022 og i vidare år. Alternativet er å auke eigedomsskatten til 4 promille, eller meir. Dette er ein føresetnad for at kommunen skal unngå eit meirforbruk i 2023.

Budsjettrammene til sektorane skal no vere realistiske. Det er arbeidd godt med å sikre at lønnsgrunnlag skal vere korrekt. Vidare er det gjort eit arbeid med å lage til eit realistisk budsjett for sjukefråvær. Det er ikkje lagt inn generell prisvekst, men det er i budsjettet teke høgde for å auke opp driftsbudsjett på dei områder der det har gjennom år vore stor avstand mellom budsjett og reell drift. Dette er postar som serviceavtalar, bilkostnadar, medisin og

forbruksmateriale og kostnader knytt til datakommunikasjon. Når driftsnivået er reellt vil det gi eit betre grunnlag for å vurdere reduksjon i rammer opp mot konkrete tiltak.

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode og viser både brutto- og netto driftsresultat:

HOVUDOVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/ BUDSJETT 2019						
	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Rammetilskot	-300 215 814	-279 200 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000	-295 880 000
Skatt på inntekt og formue	-209 347 312	-208 400 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000	-223 764 000
Eigedomsskatt	-16 903 265	-17 500 000	-19 300 000	-19 600 000	-29 350 000	-29 350 000
Andre driftsinntekter	-334 768 735	-275 162 875	-262 917 436	-267 917 436	-266 917 436	-295 917 436
Sum driftsinntekter	-861 235 126	-780 262 875	-801 861 436	-807 161 436	-815 911 436	-844 911 436
Sum driftsutgifter	819 575 002	785 325 857	866 164 496	816 455 666	814 088 666	814 088 666
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-41 660 124	5 062 982	64 303 060	9 294 230	-1 822 770	-30 822 770
Sum finansinntekter	-11 268 547	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Sum finansutgifter	47 676 944	51 456 596	58 975 914	61 210 670	82 098 246	89 290 746
Netto finanskostnader	36 408 397	42 786 596	50 305 914	52 540 670	73 428 246	80 620 746
Motpost avskrivninger	-38 355 625	-28 530 000	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880	-45 343 880
NETTO DRIFTSRESULTAT	-43 607 352	19 319 578	69 265 094	16 491 020	26 261 596	4 454 096
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-21 489 982	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-20 836 898	-18 326 734	-67 558 908	-14 784 834	-24 555 410	-31 747 910
Bruk av bundne fond	-16 997 861	-2 882 201	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186	-2 406 186
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-59 324 741	-21 208 935	-69 965 094	-17 191 020	-26 961 596	-34 154 096
Overført til investeringsregnskapet	6 567	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Vidareutvikle den digitale kompetansen mellom dei tilsette i skulane		Både med omsyn til auka læringsutbyte for elevane, men også utnytte mogelegheitene dei digitale verktya gir til å gje tips og rettleiing til føresette om korleis følgje opp skulearbeidet

MÅL 2019	RESULTAT	KOMMENTAR
Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere på eller høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda vist gode resultat som det må vere eit mål å halde fram med.
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		For både enkeltindivid og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.
80 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.		Dette inkluderer også overgang til grunnskule
Alle busette einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Sjukefråværet skal vere lågare enn føregåande år. Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet.		
Implementere nye heimesider		

INVESTERINGSTILTAK

Investeringsprosjekt	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
IKT-satsing oppvekst	750 000	750 000	750 000	750 000

IKT-satsing oppvekst:

Første del av den digitale satsinga i barnehage og skule er gjennomført. Vi er nær at barnehagane har ein iPad pr to barn i aldersgruppa 4 og 5 år. Alle elevar i 1. – 4. klasse har fått iPad som digitalt læringsverktøy læringsverktøy og alle elevar i 5. – 10. klasse eigne

chromebook. Det er naudsynt med tilstrekkelege investeringsmidlar til å halde barnehagane og skulane oppe på dette nivået.

2.7 TEKNISK SEKTOR

Teknisk sektor omfattar tenestoområda veg, vatn, avløp, brannvern, oppfølging av forureininglova (miljø) og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Sektoren har ansvar for både drift og anlegg. Det er store anleggs- og byggjeprojekt som skal gjennomførast. Erfaringsvis har det vore budsettert større volum av investeringar enn det sektoren har hatt kapasitet til å gjennomføre.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale sektorar og overordna mynde.	➤ Arbeide for auka busetnad og næringsutvikling gjennom utbygging av infrastruktur	➤ Milepelsplan på tvers av sektorområda inkl regulering, grunn- erverv, prosjektering og utbygging under felles prosjektleiing
➤ Det skal vere trygt å ferdast for alle trafikantar	➤ Planlegging og drift av tenestene med fokus på folkehelse	➤ Sikre god og trygg vassforsyning
➤ God beredsskap mot uønska hendingar og for takle slike hendingar dersom dei oppstår	➤ Bygningsmassen skal forvaltast slik at dei gir god kvalitet for brukarar og tilsette, samt ikkje fortaper sin verdi	➤ Velje arbeidsmåtar og teknologiske verkty som gir mest mogleg teneste ut av ressursane

Utfordringar 2019-2022

Det vert framleis ei utfordring med ingeniørkapasitet i teknisk sektor i 2019. Seks til sju store investeringar skal gjennomførast dei neste 2-3 åra; Renovering/ev nybygg Volda ungdomskule, Volda Campus Arena, flaumførebygging i Volda sentrum, reinseanlegg for Mork og sentrum, symjehall, kino/kulturhus og barnehageutbygging i sentrum. Teknisk sektor er ikkje bemanna til å gjennomføre alle desse prosjekta samstundes, og ein kombinasjon av nyttilsettingar og innleige vert naudsynt for å gjennomføre desse prosjekta. Dette gjer det nødvendig å planleggje prosjekta slik at ikkje alle kjem til same tid, og nokre infrastrukturprosjekt i gjeldande økonomiplan er skyvd eitt år ut i tid for å kunne følgje opp Volda Campus Arena og infrastruktur knytt til prosjektet. Sektoren har laga ei matrise for fordeling av kapasitet på utbyggingsprosjekta.

Kommunalteknisk:

For å prioritere Volda kommune sin eigedomsmasse med fokus på bygg, vart vedlikehald av kommunale uteområder i tilknytning til bygga, i 2014, overført til park og kyrkjegardsavdelinga. Der vart tilført ei 50% stilling i 2017 og 50% i 2018, men utan styrking av budsjettet. Avdelinga for park- og kyrkjegardsdrift er sprengd på kapasitet, og vi må prioritere mellom dei ulike park- og gravlundene. Vi rekk ikkje å halde alle grøntareal bedd og tred ved like med noverande budsjettramme og ressursar. Her må vi tenkje utvikling og automatisering der vi kan for å rekkje over mest mogleg utan nye tilførte ressursar. Totalt har vi no 3 stillingar som er dedikert til park og kyrkjegardsdrift. Til samanlikning har Ørsta kommune, med mindre slåtteareal, 4 stk 100% stillingar til park- og kyrkjegardsdrift.

Vegdrift er ei utfordring i Volda kommune. Der er ei stadig aukande kommunal veglengd som må haldast ved like og oppgraderast. Vi tek over vegar frå fylkeskommunen og frå private utbyggjarar, i tillegg til dei vegane og byggefelta vi bygger sjølv. Med den økonomiske situasjon som Volda kommune står overfor dei kommande åra, er vi fortalt at det ikkje realistisk å auke løyvinga til veg. Difor tok vi i 2018 grep over investeringsbudsjettet, no kan vi drive meir effektivt og spare inn på ramma. Vi rekk framleis ikkje over alt naudsynt og forventta vedlikehald, særskilt då grøfterensk og kantklipping. Med fast dekke på alle kommunale vegareal sparar vi jamlege utrykningar for reparasjon av holer, og kan i 2019 prioritere meir tid til prosjekter inn mot innvestering eller sjølvkost.

Ein asfaltert veg er ikkje vedlikehaldsfri til evig tid. I snitt så held asfalt ein stad mellom 15 og 22 år, før reasfaltering/forsterking er påkrevd. Dette er arbeid som kan førast som investering, då vegen vert forsterka og levetida forlenga. Sjølv om vi har investert 1,6 millionar i forsterking av kommunale vegar kvart år dei siste ti åra, så greier vi ikkje å halde tritt med slitasje på vegnettet. Ein slik sum gir ein utskiftingstakt på 60 år på asfalterte areal, Volda kommune har såleis eit stort etterslep innanfor reasfaltering. Dobling av dette beløpet gjev 30 års utskifting. Forfall av asfalterte sentrumsgater genererer meir og meir driftsoppgåver, klagar og erstatningssaker frå publikum. Det vil etter kvart binde opp ei 100% stillingsressurs til slik sakshandsaming. Vi har 5,4 stillingar på veg, til å drifte 140 km med kommunale vegar i tillegg til parkeringsplassar og snuareal.

Fagarbeidarar i kommunalteknisk avdeling og sjølvkost, deltek i brøyteordning av fem brøyteroder ved Volda sentrum. Til det trengs minimum 10 mann pluss to reservar. Med ei totalbemanning på 15 fagarbeidarar, så er nær alle med på brøyteordninga. Der er såleis ikkje rom for å nedbemanne i denne avdelinga. Snøbrøyting er ikkje budsjettert med meir enn ein million kroner, dette dekkjer ikkje fullt ut Beredskapsutgifter, som kjem enten der kjem snø eller ikkje. Dersom det vert ein snørik vinter, må brøytekostnader tilførast i revidert budsjett i mai. Kostnadene til brøyting har variert mellom 2 og fem millionar dei siste fire åra.

Sjølvkost:

Sjølvkosområdet vart i 2015 skilt ut som eigen økonomisk sektoreining, for at ein skulle kunne ha betre kontroll med økonomien til komunalteknisk avdeling gjennom året. Krav frå Mattilsynet og krav i drikkevassforskrifta gjer at det er behov for større investeringar som vil auke vatn og avløpsgebyra. Større investeringar og større anlegg vil også føre til fleire vedlikehaldsoppgåver og auka bemanningsbehov i framtida på driftssida av sektoren. Det er også eit bemanningsbehov på administrasjonssida for å komme opp i gjennomføringsevna ein må ligge på for ikkje å få auka etterslep på vedlikehaldsoppgåver og investeringsprosjekt.

Eininga har det siste året kjøpt inn program og utstyr for å bli meir digitalisert og effektive. Det står igjen noko arbeid for å få full effekt av programma som er kjøpt inn og noko utstyr står også på investeringslista.

På investeringssida er nokre prosjekt allereie i prosjekteringsfasa og vil bli klare til gjennomføring i løpet av 2019.

Brann:

Arbeidsmengda i avdelinga har auka betydelig siste åra. Nye forskrifter og generelt auka krav til tenesta gjer det utfordrande å henge med. I 2016 kom ny forebyggjande forskrift. Der er det betydelige endringar og auka krav både når det gjeld feiing og tilsyn, noko det må avsetast resursar til å jobbe med komande åra. Auke i antall oppdrag, auka krav og forventningar for beredskapsavdelinga har også auka arbeidsmengda og krava til det å vere kommunen sin brann- og redningsmann. Volda, med sin fjordar og spreidde busetnad, er ei utfordrande og kostnadskrevjande kommune å drive beredskapsarbeid i, og det er viktig at kommunen legg godt til rette slik at arbeidstilhøva for brannmannskapet og beredskapen både på bygdene og i sentrum vert godt ivareteken også for framtida.

Eigedom:

Eigedom har ei krevjande byggmasse som krev kontinuerlig vedlikehald for å ta vare på dei verdiane som er skapt i Volda kommune. Slik det er i dag har vi ikkje nok personell til drifta, der stadig nye driftskrav melder seg (leikeplasskontroll, legionellahandtering, radonmåling, innemiljø etc.) og krav til vedlikehald med eit stort etterslep. Det er naudsynt for avdelinga at det blir tilsett meir personell for å oppretthalde forvaltning, drift og vedlikehald. I planperioden ligg inne forslag om tilsetting av 3 driftsteknikarar til som skal gå inn i alle delar av FDV(forvaltning, drift og vedlikehald). Det vart ikkje funne rom til dette i budsjett og økonomiplan, men ved fleire nybygg under utvikling vil denne utfordringa forsterke seg. Slik det er i dag må ein forvalte, drifte og vedlikehalde større bygningsmasse med likt tal personell. Den daglege drifta som skal til for å drive verksemd i bygget kan ikkje reduserast på, derfor vil dette ha konsekvens for vedlikehaldet.

Det jamne vedlikehaldet som må gjennomførast på bygga er ei driftsutgift for kommunen og tilrådd norm er kr 200 pr. m² (2015 tal), ein må ha nok midlar i kroner og humankapital til gjennomføring.

Tildelingskontoret og eigedom har utvikla eit svært godt samarbeid (også med andre tenester) som har medført god gjennomstrøyming i kommunale bustadar. Dette medfører krav til oppgradering av husvære som har vore utleigt kontinuerlig i 10-20 år. Denne oppgraderinga kjem i tillegg til det etterslepet som er på andre kommunale bygg, som er naudsynt å ta tak i. Mykje av dette vart løyst gjennom tilsetning av 2 tømrrarar i 100% på investering. Større prosjekt kan kome som forslag til kommunestyret, der ein samhandlar med ulike tenester for å nå målsettingar i kommuneplanen.

Etter kvart som dei nye bygga, som Volda Kommune planlegg å bygge dei næraste åra, vert ferdig. Må driftsramma til Eigedom aukast i tråd med auka kostnader til Straum, forsikring og andre direkte kostnader til drift av bygga.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	78 310 274	75 441 086	74 724 285	74 724 285	74 724 285	74 724 285
Inntekter	-39 755 185	-39 217 269	-35 840 175	-35 840 175	-34 840 175	-34 840 175
Teknisk	38 555 089	36 223 817	38 884 110	38 884 110	39 884 110	39 884 110
Utgifter	27 210 512	23 923 469	21 817 733	21 817 733	21 817 733	21 817 733
Inntekter	-27 210 504	-23 923 469	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733	-21 817 733
Sjølvkosttenester	-401	0	0	0	0	0

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	3 024 403	3 024 403	3 024 403	3 024 403
Driftsutgifter og - inntekter, tilpassa rekneskap	285 890	285 890	285 890	285 890

Årsverk

Ansvar	2019
Leiar eigedomsavdeling	7,6
Eigedomseininga, ingeniørløn til fordeling	5,0
Eigedoms-eininga, skule og barnehage	17,0
Eigedoms-eininga, administrasjon, kultur og idrett	1,7
Eigedoms-eininga, utleigebustader for oms.-bustader	0,6
Leiar kommunalteknisk avdeling	12,0
Teknisk sektor, ingeniørløn til fordeling	3,0
Kommunale vegar	2,0
Gartnarområdet	1,0
Seksjon brannvern	2,7

Ansvar	2019
Teknisk	52,59
Vass-forsyning	2,0
Avløpsområdet	1,0
Seksjon feiing	2,0
Sjølvcosttenester	5

Kommentarar på tiltak frå sektorleiar

Ny ingeniør og to fagarbeidarar for vatn og avløps avdelinga

Vatn og avløps-avdelinga i volda kommune er underbemanna på ingeniørsida. Slik har det vore i mange år, med det resultat at vi ikkje rekk å iverksetje kritiske investeringar i tillegg til dagleg drift. Det vert tilsett ny ingeniør ved nyttår, som skal dediserast til reinseanlegg Mork og sentrum. Vi treng i tillegg ein ingeniør som kan arbeide inn mot krav frå mattilsynet og dei investeringane desse krava dreg med seg. Oppfølging av utbyggingsområder og eigne investeringsprosjekt krev så mykje fagressursar at det går på bekostning av lovpålagde driftsoppgåver. Avdelinga treng difor 2 nye fagarbeidarar i 2019. Dette tiltaket er forankra i ny hovudplan for vatn og avløp som vart vedteken av kommunestyret i 2018.

Kostnad kr 0, då stillinga vil verte 100% belasta sjølvkost.

Følgjande tiltak er meldt inn, men ikkje innarbeidd i framlegg til administrasjonen:

Reinhald skulemodul Volda ungdomsskule

Skulemodular har berre hatt midlertidige avtalar, modulane er kjøpt inn og skal inn i ordinær skuledrift. Manglande stillingsressurs ved skulemodul Volda ungdomsskule er 25% stilling.

Kostnad Kr 137.389,- pr år

Reinhald auka areal Øyra skule

Ved etablering av ny skule manglar ein reinhaldskapasitet på nytt stort areal. Etter Insta 800 og reinhaldsmodul er det rekna ut 2 100% stillingar i manko.

Kostnad Kr 1.096.946,- pr år

SATSINGAR 2019 TEKNISK		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR

SATSINGAR 2019 TEKNISK		
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet.
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Brannberedskap som tilfredsstillar dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Antal klassar det er gjennomført opplæring i
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
Utarbeide rutinar og standardar for arbeidet som vart gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinsanlegg		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR

SATSINGAR 2019 TEKNISK		
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 92 %		
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB		
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova		
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjetttramma		
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt som vert initiert

2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN

Sektoren har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing av saker innanfor plan- og bygningslova og andre lover som sektoren forvaltar. Handsaming av søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen ligg også til sektoren. Vidare har sektoren ansvar for kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata.

Utviklingssektoren er eigedomsskattekontor. Ørsta som vertskommune driv landbrukskontor for Volda kommune. Utviklingssektoren er kontaktinstans overfor landbrukskontoret og koordinerer landbrukssaker som skal til politisk handsaming i Volda kommune.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Leie prosessen med revisjon av kommuneplan og følgje framdrifta i planprogrammet	➤ Følgje opp vedteken planstrategi	➤ Tilretteleggje for nye bustad- og næringsareal slik at behovet for tomtetilgong vert følgt opp
➤ Signal ved førehandskonferansar før oppstart av private reguleringsplanar skal vere føreseielege og politisk forankra	➤ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar	➤ Arealpolitikk som balanserer mellom behov for dyrka jord og busetting på bygdene
	➤ God kompetanse og sikre god fagleg oppdatering	➤ God rettleiingsteneste i landbruket

Utfordringar 2019 -2022

Det ligg ei klar forventning om at vi skal verte meir effektive gjennom såkalla digitalisering. Dette kan gjerast ved blant anna å ta i bruk fleire digitale verktøy som igjen kan vere med på å automatisere og forenkle nokre av våre arbeidsoppgåver. Mange slike digitale verktøy finst i dag, men vi treng betre grunnlagsdata for å utnytte dette godt. For å oppnå dette løftet vil det krevje ekstra arbeid i ei periode. Til dømes må analoge reguleringsplanar over på digitalform for å automatisere byggesakshandsaming i større grad. Eit anna døme er kvaliteten til Matrikkelen, eigedomsregisteret, som må verte betre for oppnå ønskja effekt av digitalisering.

Innbyggjarane i kommunen vil ha i større grad ei forventning om tilgjengeleg informasjon og kontakt mot oss som tilsette i kommunen. Vi må få på plass gode digitale løysningar på heimesida vår og nytte nye medium i medverknadsprosessar. Det vil vere viktig å få kontakt og innspel frå brukargrupper som ikkje nyttar brev og epost som sine hovudkommunikasjonskanalar.

Stabil arbeidsstab vil framleis vere ei utfordring og ein liten sektor er sårbar ved eventuell sjukdom/sjukmelding blant dei tilsette. Vi har generelt små fagmiljø der ein er avhengig av at ein unngår langtidsfråver for å klare dei lovpålagte tidsfristane.

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse. Tilsyn og oppfølging av ulovlegheiter er som regel vanskelege og ressurskrevjande saker som har vore nedprioritert.

Økonomiske rammer 2018-2021

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	10 151 721	9 990 485	10 216 548	10 216 548	10 216 548	10 216 548
Inntekter	-4 185 950	-2 984 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704	-3 134 704
Utvikling	5 964 217	7 005 781	7 081 844	7 081 844	7 081 844	7 081 844

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	226 063	226 063	226 063	226 063
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000

Årsverk

Ansvar	2019
Seksjon plan	4,0
Leiar oppmålings- og bygningsavdeling	5,0
Utvikling	9

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
Fokus på å få fram det positive som skjer på sektoren		Leggje ut minimum 8 positive saker på heimesida i løpet av året
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidersamtale med alle tilsette		
Nærver skal aukast i høve til 2018 (ambisjonsnivå på min 95 %)		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		Omtala i alle planar og planlegging
Søke om tilskot til minst eit friluftslivstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Ferdigstilling av KIFF-planen (både rullering av hovedplanen og handlingsdel)		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		
Rullering av handlingsprogrammet til klimaplanen		
Oppstart av områderegulering for Volda sentrum		

SATSINGAR 2019 UTVIKLING		
Oppstart av reguleringsplan for Torvmyrvegen/Furene		
Digitalisering av analoge reguleringsplanar		Som ein del av eit digitaliseringsprosjekt
Gjennomføre 10 tilsyn i samband med byggesaker		
Auke kvaliteten på Matrikkelen		Setje eit mål for tal på retting av feil
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Halde den økonomiske ramma		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.9 ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støttetjeneste til alle einingar i kommunen som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring ➤ Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester. ➤ Sikre at økonomisystemet inn mot nye Volda skal vere optimalt med tanke på digitalisering, automatiske prosessar og eit godt verktøy for leiarane i kommunen	➤ God finans- og økonomiforvaltning ➤ I samarbeid med leiarane i kommunen skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med rapportering	➤ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår

Utfordringar 2019-2022

- Vi må i 2019 halde fram med å involvere leiarne ute i einingane i økonomistyringsarbeidet. I tillegg må vi sikre at vi fram mot ny kommune i 2020 har eit godt verktøy med tanke på brukargrensesnittet for leiarane.
- Volda og Hornindal vert *ein* kommune frå og med 2020. I 2019 vil fokuset vere å få arbeidd med systemet og tilpasningar inn mot ny kommune. Når dette er på plass vil vi starte arbeidet med felles rutinar og reglement.

- Det er forventningar til enno betre utnytting av elektronisk fakturahandsaming for å frigjere ressursar (med omsyn til inn- og utgåande fakturaer), samt integrasjon av økonomisystemet og fagsystema. Dette er med på å forenkle og utvikle tenestene i sektorane (digitalisering av tenester).
- Volda kommune er med i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. I dette ligg at vi er pliktig til å vere lojale med dei rammeavtalane som vi har sagt at vi er med på. Vi må sikre at desse avtalane er kjent blant innkjøparane våre og at dei vidare er lojale mot desse leverandørane. Klarer vi å følgje opp dette vil vi kanskje klare å redusere kostnadane våre.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Utgifter	8 413 735	8 198 573	7 506 952	7 506 952	7 506 952	7 506 952
Inntekter	-2 504 906	-1 773 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757	-2 023 757
Økonomi	5 907 721	6 424 816	5 483 195	5 483 195	5 483 195	5 483 195

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	26 132	26 132	26 132	26 132
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter og reduksjon kostnader	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Reduksjon i rammer innsparingstiltak 2019 (ØPL 2018-2021), reduksjon 1 stilling	-467 753	-467 753	-467 753	-467 753

Årsverk	2019
Økonomiavdelinga	8,0
Økonomi	10,3

SATSINGAR 2019 ØKONOMIAVDELINGA		
OMDØMME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Betale faktura til rett tid		Volda kommune skal oppfattast som gode betalarar av våre leverandørar. Pr. i dag har vi for høge utgifter i gebyr/purringar. Målet er å redusere dette i 2018.

SATSINGAR 2019 ØKONOMIAVDELINGA		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Innkjøpsstrategi		Utarbeide reglement og rutinar for innkjøp i Volda kommune. Sikre god opplæring og lojalitet av rammeavtalar
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		I 2018 klarer vi 70 % over på EHF. Målet for 2019 er 80 %
Utarbeide ny plattform i økonomisystemet for Nye Volda. I dette ligg også forventningar om eit meir optimalt system med tanke på digitalisering, automatiske prosessar og gode verktøy for brukarane		
Utarbeide nye reglement og rutinar for fagområda økonomi og skatt for ny kommune i 2020		
Sikre god opplæring til alle leiarar for å få fokus på økonomistyring lengst ut mot tenesteproduksjon		Utarbeide årshjul med datoar for rapportering og sette av dagar for opplæring.
ØKONOMI		
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsavdelinga omfattar løns- og personalstaben og Seksjon Innvandring. Løns- og personalstaben har i tillegg det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, samt for frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

I 2019 vil hovudfokus vere å avslutte personalavdelinga i noverande Volda kommune, og legge til rette for overgang til nye Volda med verknad frå 1.1.20. Personalstaben vil vere tungt involvert i utvikling av nye rutinar og retningslinjer på personalområdet, oppbygging av nytt økonomi- og HR-system (Agresso/Unit4), samt andre oppgåver av betydning for tilsette som skal over i ny kommune.

Teneste- og utviklingsmål Volda kommune 2019

- | | | |
|--|--|---|
| ➤ Ha arenaer og hendingar som gir tilsette i Volda kommune felles tilhøyre | ➤ Fortsette Prosjekt sjukefråvær i sektor helse- og omsorg | ➤ Sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. |
|--|--|---|

Teneste- og utviklingsmål nye Volda 2019

- | | | |
|--|--|--|
| ➤ Utarbeide rutinar og retningslinjer for ny kommune | ➤ Utvikle program for leiaropplæring og leiarutvikling med oppstart i 2020, for å bygge ein felles leiarkultur i ny kommune. | ➤ Oppbygging av HR-funksjon i nytt ERP-system. |
| ➤ Bygge nytt kvalitets- og avvikssystem (Compilo) | | |

Utfordringar 2019-2022

- Digitalisering: Avdelinga vil kunne frigjere ein del ressursar til utviklingsarbeid ved å gjere manuelle lønsoperasjonar elektroniske (reiserekningar, permisjonssøknadar, timelister osv.) Viktig at vi difor greier å prioritere få på plass dette.
- Kommunesamanslåing: Personalavdelinga kjem til å vere tungt involvert i kommunesamanslåingsprosessen. Regelverk og rutinar i Volda og Hornindal må harmoniserast, særavtalar må kartleggast og seiast opp, ansatte skal innplasserast i ny organisasjon osv. Ein vil difor ha mindre kapasitet til andre oppgåver.
- Leiarprogram: Leiarane i ny kommune treng både ei type leiaropplæring og ein type leiarutvikling. Opplæring er praktisk retta og vil vere retta mot interne rutnar og

prosedyrar på ulike felt. Det vil vi ha ressursar og kapasitet til å gjere sjølv. Leiarutvikling handlar om å vidareutvikle dei eigenskapane vi meiner er viktige for å utøve god leiing. Det krev ein type kompetanse vi ikkje har sjølve.

- Internopplæring: Internopplæringa som avdelinga køyrer i dag skal vidareutviklast. Denne inkluderer i dag nytilsattopplæring og internopplæring av leiarar og nøkkelpersonar, men framover må ein få på plass eit såkalla «onboardingsprogram» for nye leiarar.
- Rekruttering: På enkelte områder i organisasjonen har ein utfordringar knytt til rekruttering. Det er difor eit behov for ein overordna rekrutteringsstrategi for kommunen. Omdømebygging vil vere ein viktig del av dette.
- Nedgang i busetjingstal: Låge ankomststal til landet gir reduksjon i tal flyktningar som skal busetjast, og dermed lågare inntekter til kommunen. Dette krev justering/ev. nedbygging av kapasiteten på busetjings- og integreringsfeltet. Samstundes har kommunen fleire flyktningar og deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram og grunnleggjande kvalifisering. Vi må difor gjennom ein utfordrande prosess der vi ser på korleis redusere og samtidig oppretthalde tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gi gode nok tenester og kvalifiseringstiltak, og slik sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.
- Auke i antal lærlingar: Dei siste åra har det vore ein stor auke i antal lærlingar (frå 11 i 2016 til 21 i 2018). utan at ein har auka ressursen som koordinerer ordninga. Samstundes ser ein at det skjer ei utvikling på området, knytt til digitalisering og bruk av ny teknologi til kommunikasjon og administrasjon. Det må gjerast ei utgreiing av korleis ein best kan organisere og administrere lærlingordninga i framtida.

Økonomiske rammer 2019-2022

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	29 089 831	20 450 768	20 416 075	20 416 075	20 416 075	20 416 075
Inntekter	-14 492 288	-1 677 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424	-1 477 424
Personal og organisasjon	14 595 832	18 773 344	18 938 651	18 938 651	18 938 651	18 938 651

Tiltak	År 2019	År 2020	År 2021	År 2022
Lønnsvekst og opprydding vikar/refusjon sjukelønn	245 129	245 129	245 129	245 129
Vidareføring innsparingstiltak 2018, auke i inntekter	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Reduksjon i rammer innsparingstiltak 2019 (ØPL 2018-2021)	-280 760	-280 760	-280 760	-280 760
SSIKT	1 418 984	1 418 984	1 418 984	1 418 984

Auken i overføring til SSIKT kjem av selskapet frå 2019 overtek låneopptak knytt til

investeringar. Tidlegare har kvar kommune stått for låneopptak etter ein fordelingsnøkkel. I 2018 og 2019 er det mellom anna nytt sak og arkiv system som ligg inne som investering.

Årsverk

Ansvar	2019
Seksjon innvandring	0,6
Personal- og organisasjonssjef	6,9
Lærlingar*	10,3
Verneombod og HTV	2,4
Personal og organisasjon	20,3

Ein har ca 21 lærlingar, men desse har redusert løn. Tal på lærlingar kan endre seg hausten 2019, då nokon sluttar og andre startar.

SATSINGAR 2019 PERSONAL OG ORGANISASJON		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på henvendingar		
Korrekte tenester til rett tid		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Administrere og følgje opp medarbeidarundersøking 10-faktor		.
Implementere Win Tid		Sørgje for at tidsregistrering og fråværsregistrering er på plass i heile organisasjonen.

SATSINGAR 2019 PERSONAL OG ORGANISASJON		
Internopplæring		Gjennomføre nytilsattopplæring minimum 2 gangar pr år
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Nærværsarbeid		Å auke nærværet er god økonomi for kommunen. Ein auka bruk av bedriftshelsetenesta eller satsing på oppretting av prosjektressurs, kan gje auka nærvær.

2.11 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA

Volda kommune er vertskommune for den lovpålagte barnevernstenesta for Hareid, Hornindal, Ulstein, Volda og Ørsta. Eit viktig formål med samarbeid innan barnevern er å sikre ei robust teneste med høg kvalitet. Volda kommune er ansvarleg for utarbeiding av budsjett, med mål som sikrar at lovkrava vert oppfylt for dette tenestområdet i alle samarbeidskommunane.

Samfunnsoppdraget til tenesta er gitt i Lov om barnevernsteneste § 1-1:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse og at alle barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Den interkommunale barnevernstenesta er ei Mitt Liv-teneste. Dette handlar om at vi samarbeidar med Forandringsfabrikken som engasjerar barnevernsbarn og unge som gir råd til barnevernstenestene. Vi har forplikta oss på deira barnesyn og verdigrunnlag. Barn er vår viktigaste samarbeidspart og tenesta samarbeidar med barn og unge gjennom å vere open, audmjuk og vektlegge kjærleik og medverknad.

Teneste og utviklingsmål		
Gi barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling rett hjelp til rett tid.	Halde fristar som lova pålegg oss og undersøke saker i nært samarbeid med barnet, familien og samarbeidspartar.	Evaluerer tiltak systematisk slik at tiltaka utviklast i samarbeid med barnet, foreldre og samarbeidspartar.
Følgje opp barn under omsorg i samsvar med lovkrav og i samarbeid med barnet, foreldre og samarbeidspartar.	Styrke dei tilsette sin kompetanse i samtale med barn og møteformer som fremmer brukarmedverknad og involvering av familie og nettverk.	Arbeide for balanse i saksmengd pr. tilsett slik at kvart barn får den merksemd som det har behov for.
Utvikle ein lærande organisasjon der tilsette bidreg med sin kunnskap og erfaring.	Attraktiv arbeidsplass med styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.	Arbeide for involvering frå tilsette i utvikling av tenesta fagleg og organisatorisk.

Nykeltal (2017 tal)

Indikatorar		Fylket	Hareid	Hornin- dal	Ulstein	Volda	Ørsta
Kvalitet	Andel fristbrot i undersøkingar	11,7%	7,1%		6,1%	11,1%	14,7%
	Andel barn i hjelpetiltak med tiltaksplan	83%	100%	100%	86,8%	84,4%	85%
	Andel barn i fosterheim med oppfølging i tråd med lovkrav	78,1%	100%		100%	100%	100%
	Tal barn med akuttvedtak 0-17 år	1,2barn	2,6barn		0,5barn	1barn	1,2barn
Prioritering	Andel av kommunens totale utgifter som nyttast til barnevern	3,3%	3,7%	0,4%	3,9%	4,2%	2,2%
Deknings- grad	Tal på meldingar i forhold til barnetal i kommunen	4%	4,8%		3,4%	3,7%	4,5%
	Barn med barnevernstiltak 0-17 år	4,7%	5,2%	2,4%	4%	4,6%	4,6%
	Andel barn med undersøkingar 0-17 år	4,4%	5,9%		4,1%	4%	5,3%
	Andel barn med hjelpetiltak i hjemmet av barn med tiltak 0-17 år	75,5%	68,9%		70,4%	78,9%	80,9%
Kostnader kronebeløp	Utgifter pr.barn som bur utanfor heimen (252)	335452	287591		314647	375568	123404
	Utgifter pr.barn med tiltak i heimen (251)	28863	23142		25552	18070	13056

Utfordringar 2019-2022

- **Barnevernsreforma;** lov om barnevernstenester er i endring. Regjeringa har varsla vesentlege endringar i fordelinga av ansvar mellom stat og kommune slik at kommunen får eit auka ansvar. Dette medfører konkrete endringar for barnevernstenesta økonomisk og i høve auka arbeidsmengd med nye arbeidsoppgåver.
- **Tverrfagleg samarbeid;** barnevernsreforma har eit sterkt krav til tverrfagleg samarbeid til barnevernstenesta og til våre samarbeidspartar. Tenesta har hatt fokus på tverrfagleg samarbeid sidan vi vart interkommunale og det er etablert fleire gode samarbeidsmåtar i denne tida. Dette arbeidet vil tenesta vidareutvikle og styrke i samarbeid med samarbeidspartar i våre kommunar.
I samband med dette vil vi i 2019 ta initiativ til etablering av ei tverrfagleg gruppe som vil ha ansvar for å arrangere ein fagdag i 2020 med tema relatert til tverrfagleg samarbeid om god oppvekst.

- **Kompetansestyrking;** Barnevernsreforma legg også vekt på å bidra til kompetansestyrking av barnevernstenestene, mellom anna med etablering av læringsnettverk og midlar ein kan søke på for å ta konkrete utdanningar. Vår teneste skal ta del i læringsnettverk og vil aktivt søke på midlar til utdanning for tilsette. Tenesta vil også ta ansvar for eiga læring ved å være ein lærande organisasjon.

Dette skjer ved å arrangere fagdagar teamvis og for heile tenesta, i vekentlege fagmøter, rettleiing med fagteamleiar og i grupper. For 2019 er fagleg hovudtema samtalar med barn.

Ein legg også inn i årshjul for kompetanse og fagutvikling at ein årleg skal ha eigne fagdagar med fokus på nettverksmøter og nettverksarbeid. I løpet av våren 2019 vil ein ferdigstille kompetanseplan for tenesta.

- **Halde lovkrav og fristar;** Tenesta rapporterar kvart halvår om vi utfører dei lovpålagte krava om 3 mnds undersøkingsfrist, om minimum 4 oppfølgingsbesøk for barn som bur utafor heimen, om jamn evaluering av tiltaks- og omsorgsplanar, om systematisk og dokumentert evaluering av hjelpetiltak, om systematisk oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, ivaretaking av fosterheimar med meir. Vi erfarer ein jamn auke i meldingar, også i saker som omhandlar vald mot barn – dette er særleg arbeids- og tidkrevjande saker. Vi ser at det er krevjande å stette desse lovkrava og at det krev kvalitetsikring av internkontroll, oppdaterte rutinar og tett oppfølging av kvar tilsett.
- **Reduksjon av sjukefråvær;** Eit høgt sjukefråvær har over tid vore eit stort problem for barnevernstenesta. Det er naudsynt å ha eit stadig fokus på balansert arbeidsbelastning, fokus på trivsel, rutinar for avspasering, og oppdaterte rutinar for sakshandsaming og oppdatert internkontroll. Tilrettelegging for fagleg utvikling, systematisk saksrettleiing er også vesentleg i denne samanheng.

Ein ser at å arbeide i barnevernstenesta er krevjande for dei tilsette og ein vert utfordra på eiga sikkerheit i arbeidskvardagen både i høve psykisk og fysisk helse. Arbeidstilsynet hadde tilsyn med tenesta våren 2018 i høve vald og trugslar. Dette førte til pålegg om utbetringar og tenesta ser at dette er noko vi må oppretthalde fokuset på i åra framover.

I planperioden vil ein arbeide med å styrke førebygging av sjukefråvær og å utarbeide eit betre system for tett oppfølging av sjukemelde. Ein vil også i samarbeid med personalavdelinga sjå nærare på arbeidstidsordninga til tenesta.

Økonomiske rammer 2019- Volda kommune:

VOLDA KOMMUNE			
Funksjon	Bud 2018	Prognose 2018	Budsjett 2019
F244 Barnevernteneste, inkl kommunen sine advokatutgifter	5 250 396	5 584 317	5 613 236
F251 Tiltak i familien	1 313 915	1 167 117	1 129 545
F252 Tiltak utanfor familien	7 015 812	6 000 000	6 881 812
F252 Tiltak einsleg mindreårige	13 255 616	11 511 342	11 014 167
Samla kostnad	26 835 739	24 262 776	24 638 760

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2019-2022/BUDSJETT 2019						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Utgifter	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	23 337 651	27 460 143	24 638 760	24 638 760	24 638 760	24 638 760

I økonomiplan 2018-2021 vart det i budsjettet lagt inn reduksjonar på EM-tenesta. Tiltaket er i gangsett og som det går fram av tabellane over er budsjettet på denne tenesta redusert.

Endringar i økonomiplanperioden felles Barnevernteneste:

- **Barnevernsreforma** som regjeringa innfører fører til at kommunen i løpet av økonomiplanperioden får det fulle ansvar for oppfølging av barn i fosterheim og for økonomisk dekning av utgiftene til dette. No betalar kommunen ein eigenandel på kr.33 110 pr. barn. Betaling for barn i institusjon har vore auka jamt siste åra; i 2018 er pris pr. måned kr. 70 320, frå 2020 er det varsla at kommunens eigendel vert ytterlegare auka til å dekke 40% av døgnpris. KS har bedt om å få delta i kostnadsrekning av endringane. Det er ikkje avklart om dei auka kostnadene vert fullt ut dekt gjennom inntektssystemet.

Det er også ei forventning til kommunane om å styrke det førebyggjande arbeidet i familiar for å unngå at barn må flyttast ut av heimane. Den interkommunale barnevernstenesta er godt rusta til dette då tenesta sidan etableringa i 2014 har bygd opp eit eige familieteam m/ed øyremerkte stillingar til å arbeide med endringstiltak i heimen. Det er viktig å oppretthalde og vidareutvikle dette tenestetilbodet.

- **Effektivisering:** Tenesta er oppteken av budsjettkontroll og bevisste haldningar til økonomistyring og har eit tett samarbeid med økonomistaben i høve dette. Det er forventa av offentleg sektor effektivisering på 0,5% pr. år. Dette kravet vert også

stilt til interkommunale tenester. Den interkommunale tenesta ser på dette som ei stor utfordring. Særleg utfordrande for oss då utgifter på tiltaksområdet er vanskelege å føresjå og styre. Her må ein ha ein vedvarande vurdering og kontroll og følgje tett opp utgiftene.

Lov om barnevernstenester pålegg kommunane å sette inn dei tiltak det einskilde barn treng og kan ikkje med grunngiving i økonomi unnlate å sette inn tiltak. Det er vanskeleg å føresjå kva utgifter ein kan få i høve tiltak i åra framover, men ein veit at talet på barn som treng hjelp frå barnevernstenesta stadig aukar. Det er vesentleg for god økonomistyring å ha ei nøktern drift og ein evaluerande praksis som sikrar gode rutinar og målretta tiltak.

Det er på driftsområdet tenesta kan få til eventuell effektivisering. Grunna høgt sjukefråvær har tenesta i 2018 hatt ei innsparing på meir enn 0,5%. Dette då det i vår teneste ikkje vert leigd inn vikarar i arbeidsgivarperioden og stillingar vert ståande vakante i lengre sjukemeldingsperiodar. Ein har derfor inntekt på refusjon sjukeløn. Det er likevel ikkje slik vi ynskjer å oppnå innsparing og sjukefråværet er noko vi arbeider aktivt med å få ned. Stabilitet blant dei tilsette med lågt sjukefråvær og tilsette som blir i tenesta med si kompetanse over tid, er den viktigaste faktoren for effektivisering i tenesta.

I 2018 har tenesta arbeidd med å verte digitale, og frå slutten av november er det venta at dette er i gong. Det vil ta tid før ein ser effekt av dette, men ein forventar at dette i planperioden vil kunne føre til den effektivisering som er kravd. I 2019 vil tenesta evaluere eigen organisering og i samband med dette mellom anna vurdere om ein ved å organisere tenesta annleis og gjere smarte endringar kan effektivisere tenesta.

- **Barnevernsvakt:** Det er eit krav til kommunane at dei har døgkontinuerlig barnevernsvakt. Dette har vi ikkje i våre kommunar pr.i dag. Våren 2018 søkte kommunane i den interkommunale barnevernstenesta saman med dei andre kommunane i sjustjernesamarbeidet om skjønsmidlar frå fylkesmannen til etablering av ei felles vakt. Ein fekk midlar til dette og det vert no arbeidd med å finne den beste løysninga for våre kommunar.

Fordeling av kostnader eigenandel barnevernsvakt. Med atterhald om at vi får inntekt med Herøy, Vanylven og Sande på 250 000 kr

Hareid kommune	1 155	15,1 %	75 313
Ulstein kommune	1 993	26,0 %	129 956
Ørsta kommune	2 369	30,9 %	154 473
Hornindal kommune	265	3,5 %	17 280
Volda kommune	1 886	24,6 %	122 979
Sum til budsjett 2019	7 668	100,0 %	500 000

- **Einsleg mindreårige:** I Volda og Ørsta driftar den interkommunale barnevernstenesta bustadar for einsleg mindreårige flyktningar. Barna er fordelt på to einingar i Volda og to i Ørsta samt ei felles oppfølgingsteneste som fyl opp dei som er

flytta ut til eit sjølvstendig tilvære på hybel. Det er bygt opp eit godt fagmiljø i tilbodet til einsleg mindreårige og barna får god omsorg og oppfølging.

Tilskot frå staten har vore vesentleg for drifta av desse bustadane, denne har siste åra vorte redusert og reduserast no ytterlegare. I samband med at det no kjem færre einsleg mindreårige til Norge får også kommunane tilbod om færre barn til busetjing. På grunn av desse endringane ser ein at ein må bygge ned tenestene i samsvar med kor mange barn ein får busett. Denne nedbygginga er i gang og det er eit tett samarbeid mellom tillitsvalde, verneombod og arbeidsgivar i denne prosessen.

Tabell over tal årsverk og stillingar i tenesta:

	Årsverk
Kontorfagleg	2,0
Fagstillingar	32,7
EM Ørsta	14,63
EM Volda	7,94
EM Opp Ørsta/Volda	4,64
Barnevernstenesta	61,91

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
OMDØMME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Sikre eit kvalitativt godt barnevern med fokus på medverknad frå barnet og familien.		Vektlegge arbeidsmetodar som styrkar medverknad frå barn og foreldre ved å nytte familieråd og nettverksmøter der det er tenleg og familien samtykkar til dette.
		Halde fram med å vere Mitt Liv- teneste, og samarbeide med Forandringsfabrikken.
Brukarane møter fagleg oppdaterte medarbeidarar som gir tydeleg informasjon og trygg sakshandsaming.		Ta del på Bufdir sin kompetansesatsing. Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta samt

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
		utarbeide kompetanseplan for tenesta.
Tilby gode møteforhold for brukarar i våre kommunar		Samarbeide med eigarkommunane med å sikre gode og sikre lokalitetar i dei ulike kommunene.
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærvær på 92 %		Arbeide målretta med å styrke forebygging og oppfølging av sjukemelde.
Medarbeidarsamtale med alle tilsette i løpet av november/desember.		
Følgje opp 10-faktor		
Trygge medarbeidarar med sikker arbeidskvardag		Arbeide systematisk med HMT i samarbeid med Verneombod og tillitsvalde. Utarbeide stillingsomtalar for alle tilsette. Lage plan for opplæring av nye tilsette og implementere fadderordning for desse.
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Evaluering av tenesta si organisering.		Vurdere om ei endring av organiseringa vil gi meir effektivitet og betre kvalitet på tenesta.
Stette krava som Lov om barnevernstenester set for sakshandsaming.		Styrke arbeidet med skriftleg dokumentasjon og halde fram med tett oppfølging og rettleiing av tilsette.
Kompetansestyrking		Gjennomføre fagdagar teamvis og for heile tenesta. Fagleg tema for 2019 er samtalar med barn. Ta del i Læringsnettverk og aktuelle kurs.
Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid med samarbeidspartar		Ta del i tverrfaglege samarbeidsfora i kommunane. Ta initiativ våren 2019 til ei tverrfagleg interkommunal arbeidsgruppe for planlegging

SATSINGAR 2019 Interkommunal barnevernsteneste		
		av tverrfaglig fagdag som skal vere våren 2020.
Etablere ei tenleg barnevernsvakt i samarbeid med Sande, Vanylven og Herøy.		
Styrke fagleg samarbeid med Høgskulen i Volda m. fleire.		Ta del i forskningssamarbeid og inngå avtale om fruktbart fagleg samarbeid for begge partar.
Ta del i etablering av ny oppvekstsektor for Nye Volda.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Redusering av drift i EM-tenesta.		Samarbeide med tillitsvalde og personalavdelinga om ei redusering som tek i vare eit godt tilbod til barna og til tilsette sine rettar.
Digitalisering av tenesta med elektronisk arkiv og post.		Implementere digital løysing av fagprogrammet og elektronisk arkiv i samarbeid med arkiv og SSIKT.

2.12 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Gi alle høve til å kome i arbeid	➤ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➤ Betre levevilkåra for vanskelegstilte
➤ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➤ Bruke viremidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➤ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Folkehelse

Inndelingslova § 27, 2 ledd: *Funksjonsperioden for kommunestyra og fylkestinga i dei kommunane og fylkeskommunane som skal slåast saman, varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.*

I perioden frå konstituering av nytt kommunestyre 24. oktober til ut desember, er det lagt opp til nokre «doble» møte, i dei «gamle» og «nye» kommunestyra og formannskapa. Der det «nye» kommunestyret arbeider med mellom anna budsjett for 2020, medan det «gamle» kommunestyret arbeider med avvikling av den gamle kommunen. Det er sett opp møte i det «gamle» formannskapet og kommunestyret i desember.

Det vert val av valnemnd 1. oktober og konstituering av nytt kommunestyre den 24. oktober. Økonomirapportering hausten 2019 vert sett opp saman med presentasjon av årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2024 for kommunestyret 7. november.

Ved oppsetjing av møteplanen har vi teke omsyn til:

- Det er ikkje sett opp møte i vinterferien (veke 9) og haustferien (veke 41)
- Kommune- og fylkestingsvalet 2019
- Det er ikkje sett opp møte etter langhelg, med eit unntak - formannskapsmøtet 11.juni som er dagen etter 2. pinsedag.
- Innføring av nytt sak- og arkivsystem 01.06.2019.
- Strategikonferanse KS 20. og 21. februar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret

Januar 2019		Februar 2019		Mars 2019		April 2019		Mai 2019		Juni 2019	
T 1 Nyttårsdag		F 1		F 1		M 1	14	O 1 Første mai		L 1	
O 2		L 2		L 2		T 2 FORV.		T 2		S 2	
T 3		S 3		S 3		O 3		F 3		M 3	23
F 4		M 4	6	M 4	10	T 4		L 4		T 4	
L 5		T 5 FSK		T 5 FORV.		F 5		S 5		O 5	
S 6		O 6		O 6		L 6		M 6	19	T 6	
M 7	2	T 7		T 7		S 7		T 7		F 7	
T 8		F 8		F 8		M 8	15	O 8 TOK		L 8	
O 9		L 9		L 9		T 9 FSK		T 9 THO		S 9 Første pinsedag	
T 10		S 10		S 10		O 10		F 10		M 10 Andre pinsedag	24
F 11		M 11	7	M 11	11	T 11		L 11		T 11 FSK	
L 12		T 12		T 12		F 12		S 12		O 12	
S 13		O 13		O 13 TOK		L 13		M 13 ELDRE/FUNK	20	T 13	
M 14	3	T 14 KST		T 14 THO		S 14 Palmesøndag		T 14 FSK		F 14	
T 15		F 15		F 15		M 15	16	O 15		L 15	
O 16		L 16		L 16		T 16		T 16		S 16	
T 17		S 17		S 17		O 17		F 17 Grunnlovsdagen		M 17	25
F 18		M 18 ELDRE/FUNK	8	M 18	12	T 18 Skjærtorsdag		L 18		T 18	
L 19		T 19		T 19 FSK		F 19 Langfredag		S 19		O 19	
S 20		O 20	} Strategikonf. KS	O 20		L 20		M 20	21	T 20 KST	
M 21	4	T 21		T 21		S 21 Første påskedag		T 21		F 21	
T 22 FSK		F 22		F 22		M 22 Andre påskedag	17	O 22		L 22	
O 23		L 23		L 23		T 23		T 23 KST		S 23	
T 24		S 24		S 24		O 24		F 24		M 24	26
F 25		M 25	9	M 25	13	T 25		L 25		T 25	
L 26		T 26	} Vinterferie	T 26		F 26		S 26		O 26	
S 27		O 27		O 27		L 27		M 27 FORV.	22	T 27	
M 28	5	T 28		T 28 KST		S 28		T 28		F 28	
T 29 FORV.				F 29		M 29	18	O 29		L 29	
O 30 TOK				L 30		T 30		T 30 Kristi himmelfartsdag		S 30	
T 31 THO				S 31				F 31			

Juli 2019		August 2019		September 2019		Oktober 2019		November 2019		Desember 2019	
M 1	27	T 1		S 1		T 1	KST (nye Volda)	F 1		S 1	
T 2		F 2		M 2	36	O 2		L 2		M 2	49
O 3		L 3		T 3	FORV.	T 3		S 3		T 3	
T 4		S 4		O 4		F 4		M 4	45	O 4	
F 5		M 5	32	T 5		L 5		T 5		T 5	
L 6		T 6		F 6		S 6		O 6		F 6	
S 7		O 7		L 7		M 7	41	T 7	KST (presentasjonen budsjett)	L 7	
M 8	28	T 8		S 8		T 8	Høstferie	F 8		S 8	
T 9		F 9		M 9	VAL 37	O 9		L 9		M 9	50
O 10		L 10		T 10		T 10		S 10		T 10	FSK (gamle)
T 11		S 11		O 11	VALSTYRE / TOK	F 11		M 11	46	O 11	
F 12		M 12	33	T 12	THO	L 12		T 12	FSK (nye)	T 12	KST (nye Volda)
L 13		T 13		F 13		S 13		O 13		F 13	
S 14		O 14		L 14		M 14	42	T 14		L 14	
M 15	29	T 15		S 15		T 15	FORV. (gamle)	F 15		S 15	
T 16		F 16		M 16	38	O 16		L 16		M 16	51
O 17		L 17		T 17	FSK	T 17		S 17		T 17	
T 18		S 18		O 18		F 18		M 18	Eldre / Funk (nye) 47	O 18	
F 19		M 19	34	T 19		L 19		T 19	FSK / FORV. (nye)	T 19	KST (gamle)
L 20		T 20		F 20		S 20		O 20	TOK (nye)	F 20	
S 21		O 21		L 21		M 21	43	T 21	THO (nye)	L 21	
M 22	30	T 22		S 22		T 22		F 22		S 22	
T 23		F 23		M 23	39	O 23		L 23		M 23	52
O 24		L 24		T 24		T 24	KST (konstituering)	S 24		T 24	
T 25		S 25		O 25		F 25		M 25	48	O 25	Første juledag
F 26		M 26	35	T 26	KST (gamle)	L 26		T 26	FSK (nye)	T 26	Andre juledag
L 27		T 27	FSK	F 27		S 27		O 27		F 27	
S 28		O 28		L 28		M 28	44	T 28	KST (nye)	L 28	
M 29	31	T 29		S 29		T 29		F 29		S 29	
T 30		F 30		M 30	40	O 30		L 30		M 30	1
O 31		L 31				T 31				T 31	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bente Engeseth

Arkivsak nr.: 2018/1504

Arkivkode: U63

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

45/18

Tenesteutval for oppvekst og kultur

21.11.2018

SKJENKELØYVE TIL BRINGEBÆR AS, ORG NR 921 454 937

Administrasjonen si tilråding:

Med heimel i alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 vert det gjeve skjenkeløyve slik:

- *Tidsrom: Løyvet gjeld først når kunnskapsprøver etter alkohollova er bestått for styrar og stedfortredar. Løyvet går ut 30. september 2020*
- *Løyvehavar: Bringebær AS, org. nr.921 454 937*
- *Styrar: Torill Hansrud Mo, f. 13.07.87*
- *Stedfortredar: Mari-Lene Korsnes, f. 23.10.87*
- *Skjenkestad: Bringebær, Holmen 7, 6100 Volda*
- *Alkoholvarer: Alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2*
- *Omfang/type: Alminneleg løyve*
- *Type verksemd: Spiserestaurant*
- *Driftskonsept: Kafé, spiserestaurant*
- *Skjenkeareal: 170 m² inne, 0 m² ute. Totalt 170 m². 150 gjesteplassar*
- *Skjenketider: 12.00-17.00.*
- *Opningstider: Skjenkestaden må stenge 30 min etter at skjenketida er ute (jf. alkohollova § 4-4)*
- *Vilkår: Jf. punkt 4-3 "Alkoholpolitisk plan 2016-2020" vedteke i k-sak 78/16.*

Vedleggsliste:

- Søknad, offentleg versjon
- Uttale frå politiet

Uprenta saksvedlegg:

- Søknad m/vedlegg
- Serveringsløyve
- Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020, vedteke i k-sak 78/16

- [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) (FOR 2005-06-08 nr 538)
- Alkohollova

Samandrag av saka:

Det ligg føre søknad av 05.09.18 frå Bringebær AS, org. nr. 921 454 937, om nytt alminneleg løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Det er søkt om skjenkeløyve i lokala på Spinneriet kjøpesenter, i underetasjen. Adressa er Holmen 7.

Det kjem ikkje fram noko i uttalane som tilseier at løyvesøkjar ikkje kan få skjenkeløyve.

Saksopplysningar:

Generelt:

Eit skjenkeløyve kan bli gitt for periodar inntil 4 år, og med opphør seinast 30. september året etter nytt kommunestyre tiltrer, alkohollova § 1-6.

Eit skjenkeløyve er knytt til eit bestemt lokale. Det kan vere alminneleg eller berre gjelde for slutta lag. For kvart løyve skal det vere ein styrar og ein stedfortredar. Dei må ha fylt 20 år, ha kunnskapsprøve etter alkohollova og ha uklanderlegandel i høve alkoholovgjevinga. Dei må også vere tilsett på skjenkestaden eller arbeide der som eigar.

Skjenke- og opningstidene:

Skjenketidene vert sett til kl 12.00-17.00. Det er bueiningar i nærleiken, og det har tidlegare vore problem med skjenkestad i dette området. Dersom dei skal ha arrangement der det er behov for lengre skjenketid kan dei søkje om utvida løyve ved einskildhøve. Dette vil ikkje medføre ekstra gebyr for skjenkestaden. Det vil gje kommunen god mulegheit til å regulere løyvet dersom det vert problem med kombinasjonen skjenkestad og bueiningar. Dette vil truleg ikkje skape utfordringar for Bringebær AS då dette ikkje skal vere ein skjenkestad som har ope på kveldane. Dette er primært ein spisestad med opningstid frå kl 10.00-17.00. Der vil vere arrangement som av og til vil skape behov for skjenkeløyve på kveldstid.

Dette er skjenketidene som er sett i ”*Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020*” vedteken av kommunestyret i PS 78/16, punkt ”4.2 Skjenketider alminneleg skjenkeløyve”:

”Normal skjenketid:

- varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 11.00 og kl 01.00 søndag – torsdag, og mellom kl 11.00 og kl 02.00 fredag og laurdag.
- varegruppe 3 skal vere avgrensa til mellom kl 13.00 og kl 24.00 alle dagar.
- driftskonseptet hotell kan få skjenketid for varegruppe 1 og 2 frå kl 09.00.
- det er generell utvida skjenketid til kl 02.00 for romjula (2. juledag-1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter paldesøndag til 2. påskedag).
- for skjenkestadar som er lokalisert på stadar der naboar kan bli sjenert, kan skjenketida ute bli avgrensa til kl 24.00 alle dagar. ”

Vilkår for å få skjenkeløyve

Kommunen kan sette vilkår jamfør ”*Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020*” for løyva i tillegg til lovverket sine krav.

Internkontrollrutinar skal ligge ved søknad om skjenkeløyve. Søknadar vert ikkje ferdighandsama før alle vedlegg er levert inn til kommunen. Politiet kan krevje ordensvakter.

Denne søknaden manglar dokumentasjon på kunnskapsprøver etter alkohollova og internkontrollrutinar. For å gje søkjar mulegheit for å starte skjenking så snart som dei sjølv har alt på plass, vert det gitt løyve frå den dag dei har bestått to kunnskapsprøver etter alkohollova, ein for styrar og ein for stedfortredar.

I "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune 2016-2020" er det sett vilkår om at: Skjenkestaden skal delta på første mulige kurs i ansvarleg vertskap, så lenge kommunen tilbyr dette. Dette gjeld minimum styrar og stedfortredar. Ved skifte (styrar og stedfortredar) gjeld same vilkåret.

Uttalerunde:

I samsvar med alkohollova § 1-7 har kommunen plikt til å innhente uttale frå politiet. Kommunen kan og innhente uttale frå skatte- og avgiftsmynde. Det er spesielt styrar og stedfortredar sin vandel politiet blir bedt om å uttale seg om. Vandel for løyvehavar og eventuelt andre personar som eig vesentleg del av verksemda kan også bli vurdert.

Den aktuelle søknaden:

Det ligg føre søknad av 05.09.18 frå Bringebær AS, org. nr. 921 454 937, om alminneleg løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Det er søkt om løyve i lokala i underetasjen på Spinneriet kjøpesenter, Holmen 7, 6100 Volda.

Skjenkearealet er 170 m² totalt.

Torill Hansrud Mo (f.13.07.87) skal vere styrar og Mari-Lene Korsnes (f. 23.10.87) skal vere stedfortredar. Begge fyller krava i alkohollova om vandel, men manglar kunnskapsprøve etter alkohollova. Lensmannen i Volda har merknad til søknaden vedkomande at skjenkestaden ligg inne i eit kjøpesenter. Volda kommune har ingen restriksjonar for å kunne gje skjenkeløyve på kjøpesenter. Der er alt eit skjenkeløyve på senteret, på Rokken i 1. etasje.

Vurdering og konklusjon:

Det kjem ikkje fram noko i uttalane som tilseier at søkjar ikkje kan få løyve for skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Både styrar og stedfortredar manglar kunnskapsprøve etter alkohollova. Dei kan ikkje starte å skjenke alkoholhaldig drikk før dei begge har bestått desse kunnskapsprøvene. Dei har tidlegare fått innvilga serveringsløyve og er i drift som serveringsstad.

Skjenketidene vert sett til kl 12.00-17.00 fordi det er bueiningar i nærleiken. Det har tidlegare vore problem med skjenkestad i dette området. Då var det skjenkestad med driftskonseptet diskotek. Då dette fortrinnsvis skal vere ein spiserestaurant på dagtid vil det truleg ikkje laste drivar for mykje å søkje om utvida løyve dei gangane dei skal ha arrangement på kveldstid. Dette vil gi kommunen god mulegheit for regulere løyvet dersom dette viser seg å skape konflikt mellom skjenkestad og bueiningar.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sjå alkoholpolitisk handlingsplan. Sosiale møteplassar er bra for helse og miljø. Dersom skjenkestaden medfører mykje støy kan det ha uheldig konsekvens for bebuarar i området.

Økonomiske konsekvensar:

Løyvehavar må betale gebyr til kommunen etter faktisk omsett mengde alkoholhaldig drikk. Minimumsgebyret er kr 5100,- pr. år.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Torill Hqansrud Mo
Mari-Lene Korsnes
G-B Holding AS, org nr 921 337 221

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Innsendt: 05.09.2018 13:55

Ref.nr: VVSISN

Volda kommune

Telefon: 70 05 87 00

E-post: postmottak@volda.kommune.no

Hjemmeside: http://www.volda.kommune.no

Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad

Bevillingstype
Type bevilling Serveringsbevilling Skjenkebevilling
Type bevilling ☒ Alminnelig bevilling ☐ Bevilling for sluttet selskap (varig bevilling for skjenking i lukket selskap)
Alkoholholdig drikk ☐ Alkoholholdig drikk gruppe 1 (over 2,5 vol.prosent og høyst 4,7 vol.prosent) ☒ Alkoholholdig drikk gruppe 2 (over 4,7 vol.prosent og høyst 22 vol.prosent) ☐ Alkoholholdig drikk gruppe 3 (mellom 22 vol.prosent og 60 vol.prosent)
Er virksomheten overdratt? Nei

Opplysninger til søknaden
Definisjon av bevillingssøker Bevillingssøker er «den for hvis regning virksomheten drives». Dette kan enten være en fysisk person eller en juridisk person som f.eks. et ansvarlig selskap eller et selskap med delt ansvar. Vedkommende er ansvarlig for de økonomiske og juridiske forpliktelser knyttet til driften av virksomheten.
Krav om vandel Bevillingshaver, styrer, daglig leder og personer som har vesentlig innflytelse på virksomheten, må ha utvist uklanderlig vandel i forhold til straffelovgivningen, skatte- og avgiftslovgivningen, regnskapslovgivningen, lov om forbud mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. Personer som nevnt i første punktum må heller ikke ha begått lovbrudd i forhold til annen lovgivning på en måte som vil være uforenlig med drift av serverings- eller skjenkested.
Serveringsloven § 6, Alkoholoven § 1-7b
Konsolidering av eierandeler I vurderingen av om en person har vesentlig innflytelse på virksomheten, regnes vedkommendes eierandeler eller stemmer sammen med eierandeler eller stemmer som tilhører følgende personer: 1) ektefelle eller person som vedkommende bor sammen med i ekteskapslignende forhold, 2) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje samt søsken, 3) ektefelle til person som nevnt i nr. 2 eller person som bor i ekteskapslignende forhold sammen med person som nevnt i nr. 2.
Serveringsloven § 7, Alkoholoven § 1-7b, tredje ledd

Opplysninger om bevillingssøker		
Bevillingssøker er registrert i Enhetsregisteret Nei		
Foretakets eller foreningens navn Bringebær As		
Forretningsadresse Holmen 7	Postnr. 6100	Poststed Volda
Telefon 41544017	E-postadresse volda@geiranger-bakeri.no	
Skattekommune Volda		
Innsender av søknaden (mottaker av svar)		
Fornavn og ev. mellomnavn Torill Hansrud	Etternavn Mo	Fødselsnr.

Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad

E-postadresse thansrud@gmail.com	Mobilnr. 41544017
Er innsender og bevillingssøker samme person? ☒ Ja ☐ Nei	
Har søker andre bevillinger med hjemmel i alkoholloven? ☐ Ja ☒ Nei	

Eier (1)

Her angis oppbygningen av det reelle, underliggende eierforholdet av virksomheten. Oppgi navn på personer og/eller selskaper som direkte eller indirekte eier eller kontrollerer den virksomheten som søker bevilling.

Eier er

- ☒ organisasjon registrert i Enhetsregisteret
☐ privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer

Org.nr. 921337221	Navn på virksomhet G-B Holding As	
Adresse Gjørvaugane 43	Postnr. 6216	Poststed Geiranger
Telefon	E-postadresse	
Skattekommune Stranda	Eierandel i % 50	
Opplysninger om eierne av virksomheten		
Fornavn på eierne Jan Egil	Etternavn på eierne Vikestrand	Fødselsnr.
Fornavn på eierne	Etternavn på eierne	Fødselsnr.
Er det flere eiere av virksomheten? ☒ Ja ☐ Nei		

Eier (2)

Her angis oppbygningen av det reelle, underliggende eierforholdet av virksomheten. Oppgi navn på personer og/eller selskaper som direkte eller indirekte eier eller kontrollerer den virksomheten som søker bevilling.

Eier er

- ☐ organisasjon registrert i Enhetsregisteret
☒ privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer

Fornavn og ev. mellomnavn Mari-Lene	Etternavn Korsnes	Fødselsnr.
Adresse Indrehovdevegen 66 C	Postnr. 6160	Poststed Hovdebygda
Telefon 90199141	E-postadresse mari_lene87@hotmail.com	
Skattekommune Ørsta	Eierandel i % 25	
Ev. navn på enkeltpersonforetak/forening		
Er det flere eiere av virksomheten? ☒ Ja ☐ Nei		

Eier (3)

Her angis oppbygningen av det reelle, underliggende eierforholdet av virksomheten. Oppgi navn på personer og/eller selskaper som direkte eller indirekte eier eller kontrollerer den virksomheten som søker bevilling.

Eier er

- ☐ organisasjon registrert i Enhetsregisteret
☒ privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer

Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad

Fornavn og ev. mellomnavn Torill Hansrud		Etternavn Mo	Fødselsnr. 1
Adresse Øvrestien 4		Postnr. 6154	Poststed Ørsta
Telefon 41544017	E-postadresse thansrud@gmail.com		
Skattekommune Ørsta		Eierandel i % 25	
Ev. navn på enkeltpersonforetak/forening			
Er det flere eiere av virksomheten? ☐ Ja ☒ Nei			

Eierforhold - andre enn formelle eiere

B. Andre enn formelle eiere
Er det andre enn formelle eiere av virksomheten som vil ha eller har vesentlig innflytelse på virksomheten? Nei

Styrer og stedfortreder - veiledning

Hver bevilling skal ha en fysisk person som styrer /stedfortreder, som må godkjennes av kommunen. Styrer og stedfortreder må være ansatt på stedet eller arbeide i virksomheten i kraft av eierstilling. Som styrer kan bare utpekes den som har styringsrett over skjenking, herunder ansvar for å føre tilsyn med utøvelsen av bevillingen. I styrers fravær påhviler styrers plikter stedfortreder. Bevillingshaver må straks søke om godkjenning av ny styrer dersom styrer slutter. Bevilling kan nektes dersom styrer/stedfortreder ikke oppfyller de krav som stilles til ham.

Styrer og stedfortreder må være over 20 år og må dokumentere å ha bestått Kunnskapsprøven.

Styrer og stedfortreder må ha utvist uklanderligandel i forhold til alkohollovgivningen og bestemmelser i annen lovgivning som har sammenheng med skjenkelovens formål.

Styrer og stedfortreder

Skjenkevirksomheten skal ha en styrer og stedfortreder med ansvar for og oppsyn over skjenkingen. Styrer og stedfortreder må være fylt 20 år og ha gjennomført kunnskapsprøven i alkoholloven.

Styrer (må være en fysisk person)			
Fornavn og ev. mellomnavn. Torill Hansrud		Etternavn Mo	Fødselsnr. 1
Adresse Øvrestien 4		Postnr. 6154	Poststed Ørsta
Telefonnr. 41544017	E-post thanseud@gmail.com		
Skattekommune Ørsta			

Stedfortreder for styrer (må være en fysisk person)			
Fornavn og ev. mellomnavn. Mari-Lene		Etternavn Korsnes	Fødselsnr. 1
Postnr. 6160		Poststed Hovdebygda	
Adresse Indrehovdevegen 66 C		Telefonnr. 90199141	
Skattekommune Ørsta			

Daglig leder

Serveringsvirksomheten skal ha en daglig leder med reelt ansvar for daglig drift. Daglig leder må være fylt 18 år og ha gjennomført etablererprøven.

Serverings- og/eller skjenkebevilgning - søknad

Er styrer (skjenkevirksomheten) og daglig leder (serveringsvirksomheten) samme person?			
☒ Ja			
☐ Nei			
Fornavn og ev. mellomnavn. Torill Hansrud		Etternavn Mo	
Fødselsnr.			
Adresse Øvrestien 4		Postnr. 6154	Poststed Ørsta
Telefon 41544017	E-postadresse thanseud@gmail.com		
Skattekommune Ørsta			

Virksomheten			
Serverings-/skjenkesteds navn Bringebær AS			
Stedsadresse Holmen 7		Postnr. 6100	Poststed Volda
Telefon 41544017	E-postadresse volda@geiranger-bakeri.no		
Virksomhetens internettsadresse www.geiranger-bakeri.no		Gnr.	Bnr.

Virksomhetstype og areal	
Virksomhetstype Spiserestaurant	
Stedsareal - m2	180
Antall gjesteplasser totalt	70
Skal det serveres mat utendørs? Ja	
Antall gjesteplasser utendørs	30

Driftskonsept
Beskriv Eit tilbud med ein kombinasjon av ferske bakervarer og enkle lunsjrettar, i koselig atmosfære med fokus på lokale råvarer. Bringebær AS skal vere ein serveringssted med nært samarbeid med Geiranger Bakeri Drift AS. Bringebær AS skal selje brød- og bakervarer i tillegg til dei varme og kalde rettane som vert bonde fram som dagens meny. Det vert og enkel produksjon av lokalmat som til dømes dressingar, sauser, flatbrød, lefser og småkaker.

Innendørs skjenkeareal	
Innendørs skjenkeareal Serveringsstad	Areal i m2 170
	Skjenkeareal inne totalt 170

Utendørs skjenkeareal
Beskriv Truleg ikkje aktuelt.

Serverings- og/eller skjenkebevilling - søknad

Areal utendørs i m2	30
Skjenkeareal innendørs	170
Areal totalt	200

Åpningstid og skjenketid

Serverings-/skjenkestedets åpningstid:

mandag - torsdag

Mandag-torsdag, fra kl.	Mandag-torsdag, til kl.
10:00	17:00

Fredag - lørdag

Fredag-lørdag, fra kl.	Fredag-lørdag, til kl.
10:00	16:00

Søndag/helligdag

Søndag/helligdag, fra kl.	Søndag/helligdag, til kl.
00:00	00:00

Ønsket skjenketid for alkoholholdig drikk:

Gruppe 2

- ☒ Skjenking inne
☐ Skjenking ute
☒ Ønsker skjenking innenfor kommunens maksimaltid

Inne, fra kl.	Inne, til kl.
12:00	17:00

Eier av eiendommen

Eieren er

- ☒ organisasjon registrert i Enhetsregisteret
☐ privatperson eller enkeltpersonforetak/forening uten organisasjonsnummer

Org.nr.	Navn på virksomhet
987270640	VOLDA SENTRUM AS

Adresse	Postnr.	Poststed
Att.: Torill Rødven Eide	6100	Volda

Telefon	E-postadresse
+4748048370	jon@spinneriet.net

Skattekommune

Er det flere eiere av virksomhetens eiendom?

- ☐ Ja
☒ Nei

Sentrale personers tilknytning til annen virksomhet

Fødselsnr.	Fornavn	Etternavn	Posisjon	Org.nr.	Foretakets navn
	Torill Hansrud	Mo	Styremedlem	912763692	NORDVEST PROFIL AS
Fødselsnr.	Fornavn	Etternavn	Posisjon	Org.nr.	Foretakets navn
-----77	Jan Egil	Vikestrand	Dagleg leiar	915187528	GEIRANGE R BAKERI AS

Forventet omsetning

Forventet omsetning av mat (i prosent av omsetningen)

90

Oppgi forventet omsetning av alkoholholdig drikk per år (liter):

- ☒ Alkoholgruppe 1
☐ Alkoholgruppe 2
☐ Alkoholgruppe 3

Gruppe 1

100

Vedlegg

Her er en oversikt over vedleggene som skal følge søknaden.

Vedlegg

Last opp vedlegg

Last opp vedlegg	Beskriv	Ettersendes
Last opp vedlegg	Beskriv	Ettersendes

Bekreftelse ved søknad om serveringsbevilling

Bekreftelse

Jeg bekrefter at ovenstående opplysninger er riktige, og forplikter meg til å besørge at bestemmelser i serveringsloven blir overholdt.

Etablererprøven

Daglig leder har avlagt Etablererprøven

Navn på kommune

Ørsta

Legg ved dokumentasjon på bestått etablererprøve

Scan 29. aug. 2018, 13_14.pdf

Mattilsynet

☐ Serveringsvirksomheten er registrert hos Mattilsynet
Bekreftelse ved søknad om skjenkebevilling

Bekreftelse

Jeg bekrefter at ovenstående opplysninger i alkoholoven og dens forskrifter blir overholdt. Jeg forplikter meg til å orientere kommunen om eventuelle endringer i driften av skjenkestedet, f. eks. skifte av styrer/stedfortreder eller innstilling av driften med mer. Jeg forplikter meg til å sende kommunen årlig oppgave over forventet omsatt mengde alkoholvarer på skjenkestedet. Jeg samtykker i at det kan foretas en etterberegning av bevillingsgebyret desom det foreligger et avvik mellom tidligere oppgitt, forventet omsetning og faktisk omsetning.

Kunnskapsprøven

- ☐ Styrer har avlagt Kunnskapsprøven
☐ Stedfortreder har avlagt Kunnskapsprøven



POLITIET

Volda kommune
Administrasjonssjefen
Stormyra 2
6100 VOLDA

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:
2018/1504 13294/2018

Vår referanse:
201805581-2 622

Stad, Dato
Sykkylven, 04.10.2018

SVAR PÅ SØKNAD OM SKJENKE- OG SERVERINGSBEVILLING - BRINGEBÆR AS

Reint politimessig har vi ingen merknad til at Bringebær AS får skjenke- og serveringsløyve slik det er søkt om. Eit anna spørsmål er om kommune ønskjer servering av alkohol i eit kjøpesenter på dagtid der det truleg også ferdest mange born og ungdommar.

Vi har ingen merknad til verken styrar for skjenkeløyve og dagleg leiar, eigar eller stedfortredar.

Med helsing

Evelyn Liseth
Fung.lensmann
Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 Ålesund
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Tlf.: 70118700
Faks: 70118892

Org. nr.: 983998585
www.politi.no

PS 46/18 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Volda ungdomsskule

REFERAT frå møte i SU torsdag 25. oktober 2018 kl. 19.00

Til stades: Morten B. Ottesen, leiar FAU, Stefan Nordbø Halck, nestleiar FAU, Inger Stine Bjørneset, repr. for andre tilsette, Olve Eide Brattli, leiar elevråd, Oda Brenne, nestleiar elevråd, Inghild Remøy, repr. for kommunen, Inger-Anne Kvamme, rektor, sekretær

Meldt avbod: Siri Skaland, repr. for lærarane

SAKLISTE:

1. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
2. **Konstituering:** Stefan Nordbø Halck var valt til leiar og Oda Brenne til nestleiar. Rektor er sekretær.
3. **Informasjon ved rektor** om kva SU er og kva mandat det har i tillegg til info om samansetjing av Skulemiljøutval, sjå vedlegg *Utdrag frå kap 11 i opplæringslova*.
4. **Informasjonssaker:**
 - Verksemdplan/tilstandsrapport v. rektor: viste m.a. til skulen sitt pedagogisk grunnsyn og skulen sitt samfunnsmandat. Visjonen «VUS der alle er med» kjem tydeleg til uttrykk gjennom MGP-veka.
 - Status ombygging/renovering VUS v.rektor:

Kommunal prosjektleiar Siri Birkeland Solheim har hatt oppe ei orienteringssak i formannskapet sist veke, der det vart orientert om status:

Det ein har fått levert av moglegheitsstudiet i dag har hovudsakleg tatt for seg ei løysing med oppgradering av hovudbygget opp til dagens krav, samt å bygge eit tilbygg i tilknytning til hovudbygget. Etter at det vart gjort eit kostnadsoverslag på denne løysinga, viser det seg at dette vil vere ei kostbar løysing. I kostnadsoverslaget er det ikkje inkludert kostnadar med alternativt lokale for skulen i byggeperioden. Dersom ein legg på desse kostnadane vil ein truleg nærme seg kostnadane ein vil ha med å bygge ein ny skule. På grunn av dette, arbeider ein no med å legge fram kostnadsoverslag på kva det vil koste å bygge ein ny skule (ut frå det areal- og romprogrammet som har blitt utarbeidd i moglegheitsstudiet), samt kostnadsoverslag på eit minimumsalternativ. Desse kostnadane vil så bli lagt fram i studiet for å kunne vurdere dei ulike løysingane opp mot kvarandre. Minimumsalternativet som blir lagt fram i studiet inneber å bygge eit tilbygg som inneheld nye klasserom til elevane, samt tilhøyrande grupperom. I dette alternativet vil ein ikkje oppgradere hovudbygget (utanom dei punkta som er peika på som naudsynet å utbetre i tilstandsrapporten), men tanken er at ledig kapasitet i dette bygget kan nyttast for å få større areal til tilsette og administrasjon.

Sidan arbeidet med moglegheitsstudiet ikkje er ferdigstilt og ikkje er presentert politisk enno, kan ein ikkje gå nærare inn på innhaldet i studiet per i dag.

5. **Prioritering av saker for skuleåret 2018-19:** Renovering/ nybygg Volda ungdomsskule. Viktig at SU i samarbeid med FAU aktivt held fokus på denne saka i høve skuleeigar og media. Elevrådet er også ein viktig samarbeidspart i dette arbeid

Volda, 31.10.18

Inger-Anne Kvamme
sekretær

Postadresse:
Postboks 263
6101 Volda

rektor.vus@voldaskulen.no
Telefon: 70074221
Telefaks: 70074230

www.voldaskulen.no/vus
Org. nr:
939 760 946



2017/1783

Referat frå møte i samarbeidsutvalget (SU)

Dag/dato: Mandag 22.oktober 2018

Klokkeslett: 14.30-15.45

Stad: Oppigarden barnehage, personalrom

Desse møtte:

Heidi Øglænd, foreldrerepresentant

Mariann Riise Kristiansen, personalrepresentant

Tove Elin Røbekk, personalrepresentant

Per Svein Krøvel, eigars representant

Forfall:

Tomas Trogstad, foreldrerepresentant

Sakshandsamar
Dagny Rafteseth Wangen

Dato
05.11.2018

Sak 1: 2018/2019

Godkjenning av årsplan

Årsplanen vart godkjend med ei tilføyning; Å få inn datoane for planleggingsdagar

Sak 2: 2018-2019

Utgreiing av ei evt strukturell endring av barnehagedrifta i sentrum.

Det var venta at saka skulle kome på høyring etter møte i TOK i oktober med høyringsfrist til 6.november. Difor vart handsaminga av denne saka litt annleis sidan det ikkje var aktuelt med høyringssvar no. SU drøfta likevel litt laust kring ulike alternativ og det er stort engasjement for saka. Både foreldre og personalet kjem til å engasjere seg når saka ligg føre, og det vert kalla inn til nytt møte i SU når saka kjem på høyring.

Referent:

Dagny Wangen
styrar



MØTEPROTOKOLL

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Rådhuset
Dato: 26.09.2018
Tid: 16.00-18.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ina B. Osvoll	Medlem	Volda ungd
Younes S. Soulimani	Medlem	Volda ungd.
Vebjørn Korsnes Koppernes	Medlem	Austefjord ungd.
Agnes Myren	Medlem	Dalsfjord ungd.
Olve Eide Brattli	Medlem	Volda ungd.
Amalie Løset	Medlem	Lag og org.
Sigurd Tverberg	Nestleiar	Lag og org.
Elias Eide Brattli	Leiar	Volda vgs.
Åshild Vik	Politisk fadder	

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tobias Nautvik Nettet	Medl	Folkestad ungd.
Emma Torine Brenne	Medl	Lag og org
Veronica Wilhelmsen	Medl	Volda vgs.

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Noa Gjerset	Felles vara	
Ask Tømmerbakk	Felles vara	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
May-Lisbet Lande	Koordinator



SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Side
SAKER TIL HANDSAMING		
PS 21/18	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 22/18	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
PS 23/18	Søknadar om fritak frå verv i ungdomsrådet	4
PS 24/18	Val av nye representantar til Volda ungdomsråd skuleåret 2018-2019	7

Ymse:

Koordinator orienterte om den årlege fellessamling for «7-stjerne» ungdomsråda som i år skal vere i Fosnavåg fredag 26. oktober. Det skal gis gyldig fråvær på skulen merka som politisk arbeid til samlinga. 1. og 2. vara vert invitert med til samlinga. Meir info om programmet og om reisa kjem på møte 17. oktober og på facebook sida vår.

Leiar Elias Eide Brattli orienterte om planar for nytt kulturhus, der han er med i arbeidsgruppa. Det er innarbeidd lokale til ungdomsklubben i desse planane. Ungdomsrådet ynskjer informasjon om korleis saka om ungdomsklubben står no. Leiar tek kontakt med rådmann og ber om at utgreiinga som vart lagt fram for TOK også vert lagt fram som sak for ungdomsrådet. Ungdomsrådet minner om at dei er høyringsinnstans i saker som gjeld ungdom i Volda kommune.

Nestleiar Sigurd Tverberg orienterte om korleis det går meg arrangementet for ungdomar i Hornindal og Volda som er planlagt no i haust i samarbeid med gruppa for kulturbygging i nye Volda. Ein har innleia eit samarbeid med Rokken og ein ventar på tilbakemelding frå bookingbyrå om ledige datoar og artistar. Til dette kjem er det stillstand i saka, når dette kjem på plass vil ting skje fort. Dvs. at ungdomane må vere klare☺



SAKER TIL HANDSAMING

PS 21/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Røysting:

Samrøystes vedteken

Vedtak i Ungdomsrådet - 26.09.2018

Samrøystes vedteken

PS 22/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Røysting:

Samrøystes vedteken

Vedtak i Ungdomsrådet - 26.09.2018

Samrøystes vedteken

PS 23/18 Søknadar om fritak frå verv i ungdomsrådet

Handsaming:

Framlegg til vedtak frå administrasjonen vart framlagt slik:

Emma-Torine Brenne og Tobias Nautvik Nettet får fritak frå politisk verv i Volda ungdomsråd. Vararepresentantar tiltrer i verva.

Under handsaming vart det røysta over fritaka kvar for seg, begge søknadane vart innvilga samrøystes. I skjerpande retning vil ein bemerke at det bør vere vektige grunnar for å søke om fritak. Oppmøte og ansvar for vervet i ungdomsrådet bør vektleggast under orienteringa i høve nyval på skulane årleg. Det er viktig for ungdomsrådet at ungdomane som er medlem i rådet tek ansvar for saksarbeid og oppmøte i perioden dei er valde for.

Siste setning i tilrådinga frå administrasjonen lyder slik: vararepresentant tiltrer i vervet. Ungdomsrådet ynskjer å velje fritt frå søknadane og setninga vart stroken. Vedtaket vart kvalitetssikra med leiar for servicekontoret. I reglement for vedtekter for politiske utval står det ikkje spesielt skrive at vara skal tiltre verv i tilsvarande vedtekter.

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 26.09.2018

Emma-Torine Brenne og Tobias Nautvik Nettet får fritak frå politisk verv i Volda ungdomsråd.

Administrasjonen si tilråding:

Emma-Torine Brenne og Tobias Nautvik Nettet får fritak frå politisk verv i Volda ungdomsråd.

Vararepresentantar tiltrer i verva.



PS 24/18 Val av nye representantar til Volda ungdomsråd skuleåret 2018-2019

Handsaming:

Saka vart lagt fram utan tilråding frå administrasjonen. Det kom inn 6 søknadar. I prosessen vart det valgt inn nye representantar for dei to som har fått fritak. Av omsyn til ungdomane vart det ikkje i protokollen skrive detaljert om diskusjonen kor mange stemme kvar enkelt person fekk.

Søknadane vart gjennomgått av leiar. Og det vart røysta for kvart verv. Fyljande representantar vart valde:

Volda ungdomsskule

8. klasse: Adele Siren Bjerkvik Enerhaug, valt for 2 år.

10. klasse: Olve Eide Brattli, valt for 1 år.

Folkestad skule:

1.vara Noa Gjerset tiltrer i vervet, valt for 1 år

Ungdomsklubben:

Mari Ims Lied, valt for 2 år.

Frivillige lag og org.:

Sigurd Tverberg, valt for 2 år

Ein felles vara:

Kasper Garshol, valt for 2 år

Medlemar i ungdomsrådet 2018-2019

Volda ungdomsskule	3 repr.	Periode
8. kl	Adele Siren Bjerkvik Enerhaug	2 år frå 2018
9.kl	Ine B. Osvoll	2 år frå 2017
10. kl	Olve Eide Brattli	1 år frå 2018
Austefjord skule	1 repr.	
	Vebjørn Korsnes Koppernes	2 år frå 2017
Folkestad skule	1 repr	
	Noa Gjerset	1 år frå 2018
Dalsfjord skule	1 repr	
	Agnes Myren	2 år frå 2017
Volda vgs	2 repr	
	Veronica Wilhelmsen	2 år frå 2017
	Elias Eide Brattli	2 år frå 2017
Ungdomsklubben	1 repr	
	Mari Ims Lied	
Frivillige lag og org	2 repr.	
	Amalie Løseth	2 år frå 2017
	Sigurd Tverberg	2 år frå 2018



VOLDA KOMMUNE

Politisk fadder	1 repr. + vara	
	Åshild Vik	4 år frå 2015
	Anne Natvig	4 år frå 2015
Felles vara ungdomsrådet	4 personar	
	Ask Tømmerbakk	2 år frå 2017
	Knut-Edvind Dale	2 år frå 2017
	Mathias E. Olsen	2 år frå 2017
	Kasper Garshol	2 år frå 2018

Røysting:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 26.09.2018

Fyljande personar er valt som representantar i Volda ungdomsråd

Volda ungdomsskule

8. klasse: Adele Siren Bjerkvik Enerhaug, valt for 2 år.

10. klasse: Olve Eide Brattli, valt for 1 år.

Folkestad skule:

1.vara Noa Gjerset tiltrer i vervet, valt for 1 år

Ungdomsklubben:

Mari Ims Lied, valt for 2 år.

Frivillige lag og org.:

Sigurd Tverberg, valt for 2 år

Ein felles vara:

Kasper Garshol, valt for 2 år

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding

Rett utskrift 27.09.18,

Volda kommune, Kutur og service

May-Lisbet Lande

Koordinator



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/148	14334/2018	223	SVK/ SONHAV	17.10.2018

MELDING OM POLITISK VEDTAK - SYMFONIORKESTERET VED HØGSKULEN - SØKNAD OM KONSERTTILSKOT

Vi melder med dette frå at formannskapet den 16.10.2018, hadde føre ovannemnde som sak PS 152/18, der det vart gjort slikt handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Symfoniorkesteret får eingongstilskott på kr. 10.000. til konserten 27. og 28. oktober.

Ordføraren trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og var samde om å sende saka til handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Inger-Johanne Johnsen – sektorsjef kultur- og service

Bente Kristin Krøvel – sekretær tenesteutval for oppvekst og kultur

Astrid Gjersdal – sakshandsamar kulturmidlar

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/148
		Arkivkode:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
PS 152/18	Formannskapet	16.10.2018

SYMFONIORKESTERET VED HØGSKULEN - SØKNAD OM KONSERTTILSKOT

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Symfoniorkesteret får eingongstilskott på kr. 10.000. til konserten 27. og 28. oktober.

Ordføraren trekte framlegget sitt.

Formannskapet drøfta saka og var samde om å sende saka til handsaming i tenesteutval for oppvekst og kultur.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Søknad om konsertstønad v. Marita T. Voldnes, styreleiar

Saksopplysningar/fakta:

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda skal ha konsert 27. og 28. oktober «Symfoniorkester i full breidde», der det vil bli framført musikk av blant anna Mozart, Fartein Valen og Aram Khatshaturjan. Bert Handrick skal vere dirigent.

Symfoniorkesteret ber om at Volda kommune vil vere med å dekke nokre av utgiftene dei har i forbindelse med dette prosjektet.

Symfoniorkesteret ber også om at kommunen sponsar dei komande prosjekta og konsertane i 2019, og at det blir sett av øyremerka midlar til orkesteret.

Disponibel restramme på formannskapet sin reservepost er kr. 24.800 kr.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Symfoniorkesteret v. Marita t. Voldnes

Marita Therese Voldnes
Dekkevegen, 28
6083 Gjerdsвика
Mob.: 992 51 417
Styreleiar i Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Volda kommune
Jørgen Amdam
Ordførar

Søknad om konsertstønad

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda ynskjer å vere eit kraftsenter i kulturlivet på Sunnmøre og omegn og har som føremål å framføre musikk på eit høgt kunstnerisk nivå og formidle kunst og kulturhistorie til folket i regionen, løfte fram, gjere aktuell og utvikle den allmenne interessa for kulturskatten vi har i klassisk symfoniorkestermusikk - Både regionalt og nasjonalt.

Symfoniorkesteret som ber same namn som Høgskulen i Volda, tel omlag 50 musikarar, og er eit semiprofesjonelt symfoniorkester, med ei samansetjing av studentar frå høgskulen og vidaregåande skule, innleigde profesjonelle musikarar på instrument som harpe, fagott og obo og dei beste lokale amatørmusikarane i Volda og Ørsta og omegn. Å få vere med å spele saman med ei slik fin blanding av amatører og proffe, har stor verdi for oss. Dei proffe musikarane og dei svært dyktige amatørmusikarane deler av sin kunnskap og ferdigheiter, rettleier og hjelper oss. Slik løfter vi oss opp som orkester, i lag. Å kome på øving og skape musikk i lag, møte venner og kjende kvar veke er gull verdt og har stor verdi for den einskilde i orkesteret. Det har mykje å seie for vår livskvalitet og sjølvkjensle. Mest av alt er det beste å dele våre konsertar med publikum og glede dykk med fantastisk musikk.

Orkesteret har per dags dato ein årleg aktivitet på 5-6 konsertar årleg, med 12-konsert, haustkonsert, julekonsert, nyttårskonsert, vårkonsert og 17. maikonsert. Vi har som mål å produsere og presentere orkestermusikk innanfor eit breidt spekter av kunstuttrykk. Vi har i 2018 gjort spanande prosjekt med lokale solistar som Pål Aam og Dirigent Miki Campins, pianist Olav Egge Brandal og vår internasjonale dirigent Bjarte Engeset, og vi har spele moderne musikk i atonalt tonespråk av vår eigen lokale og internasjonale komponist Magnar Åm. Til haustkonserten vår får vi besøk av ein profesjonell spansk blåsekvintett, Tosca Ensemble. Denne konserten vert dirigert av Bert Handrick. I 2019 får vi besøk av Annar Follesø som skal vere solist på Ole Bull sin fiolinkonsert nr 1 og i januar 2020 set orkesteret opp Nøtteknekkaren, saman med Ørsta-Volda ballettskule på operaen i Nordfjordeid. Dette er konsertar og førestillingar med stort satsingsområde der vi er svært avhengig av stønad frå dykk, men òg det lokale næringslivet.

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda, er ein sjølvstendig organisasjon, og styret i orkesteret jobbar jamnleg med å skaffe midlar til orkesteret slik at orkesteret kan fortsette det viktige arbeidet som formidlar av ei stor og fantastisk kulturskatt og gi publikum store musikalske augeblikk i kvardagen. Det er viktig, og som vi òg veit har ein helseframbringande effekt.

Orkesteret har ingen fast musikalsk leiar og/eller dirigent, men har vorte dirigert av musikkprofessorar og lektorar ved musikkavdelinga ved høgskulen i Volda. Ved særskilte høve, som ved sjukmelding får orkesteret høve til å leige inn eksterne dirigentar. Det er Bert Handrick som skal dirigere orkesteret på vår neste konsert. 27. og 28. oktober 2018: "Symfoniorkester i full breidde". Saman med fire medlemmar i blåsekvintetten skal orkesteret spele W.A. Mozart Sinfonia Concertante i ess-dur. Orkesteret skal òg framføre musikk av Fartein Valen: La Isla de las calmas, (Stillhetens øy) og 3. sats av Aram Khatsjaturjan sin fløytekoncert. Solist er Andrea Costa frå kvintetten. I tillegg vil Høgskulekoret synge Pjotr I. Tsjaikovskij: Hymn of the Cherubim og den vakre Gabriel Fauré: Pavane saman med orkesteret.

Å spele musikk i lag og dele den med folket, er noko av det viktigaste og lokale frivillige arbeidet vi gjer i samfunnet vårt. Vi håper Volda kommune vil vere vår sponsor på vår neste konsert og hjelpe oss å dekkje nokon av utgiftene vi har på dette prosjektet. Orkesteret håper òg Volda kommune vil vere vår sponsor på våre komande prosjekt og konsertar i 2019 og øyremerke satsingsmidlar til orkesteret, slik vi kan fortsette dette viktige arbeidet og skape store musikalske opplevingar på eit høgt musikalsk nivå. Det er nettopp det, dette handlar om. Å få moglegheit til å skape augeblikk som utvikler oss som menneske. Takk!

Med venleg helsing

Marita T. Voldnes

Styreleiar i symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda

Budsjett for konserten 27. og 28. oktober 2018
 Propellhallen kl 19:00

		Utgifter	Sponsormidler
Annonsering	Tussa, sponser i 7. stjerna		10 000
Leige av Propellhallen		8000	
Musikarhonorar		25000	
Reiseutgifter		18000	
Dirigenthonorar	Dekt av Høgskulen		25000
Kulturmidlar frå fylket			8000
Andre utgifter	Noteleige, blommar	5000	
I alt		56000	43000

Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot

Sonja Håvik

må 05.11.2018 09:24

Til: Bente Kristin Krøvel <Bente.Kristin.Krovel@volda.kommune.no>;

2016/148 - 110

vedlegg fil.

Fra: Marita Therese Voldnes <maritavoldnes@gmail.com>**Sendt:** 4. november 2018 11:13**Til:** Sonja Håvik <sonja.havik@volda.kommune.no>**Emne:** Re: Symfoniorkesteret ved Høgskulen - Søknad om konserttilskot

Hei Sonja

Veit de kor lang tid kommuna bruker på å behandle saka? Konserten gjekk dessverre med stort underskot. Publikum telte berre 32 på laurdagen og 54 på søndagen. Orkesteret gjekk med vel 30 000 kr i underskot. Vi lurte på om det går lang tid før vi får svar om kommuna vil hjelpe oss økonomisk?

Mvh. Marita Voldnes

Styreleiar i symfoniorkesteret ved høgskulen i Volda